

Leikanger kommune

# KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE PLANOMTALE MED FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

---

Dato: 22.03.2019  
Versjon: 03



## Dokumentinformasjon

<b>Oppdragsgjever:</b>	Leikanger kommune
<b>Tittel på rapport:</b>	Kommunedelplan for kulturminne
<b>Oppdragsnamn:</b>	Kulturminneplan Leikanger
<b>Oppdragsnummer:</b>	607055-01
<b>Skiven av:</b>	Kjell Arne Valvik
<b>Oppdragsleiar:</b>	Kjell Arne Valvik

Bilete på framsida – Systrand sett frå Fosshagen og austover. Foto: Ørjan Talle.

## Føreord

Leikanger kommune har vedteke å setja i gang arbeidet med å laga lokal kulturminneplan. Asplan Viak AS er engasjert av Leikanger kommune til å ferdigstille kulturminneplanarbeidet. I Asplan Viak er arbeidet utført av Kjell Arne Valvik, Hilde Ruud og Tor Nestande.

Planprogrammet for kulturminneplanen blei vedteke hausten 2015. Våren 2016 starta sjølve planarbeidet opp. Arbeidet vart organisert med prosjektgruppe og registreringsgrupper. Det vart gjennomført kulturminnekeldar for å få innspel til tema i kulturminneplanen. Planen er utarbeidd i samsvar med planprogrammet.

Kulturminneplanen peikar på dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Kommunen har kome fram til prioriterte kulturminne og kulturmiljø som er avgrensar med omsynssoner med tilhøyrande retningsliner og føresegner. Planen syner også prioriterte satsingsområde som inngår i handlingsdelen, og vil mellom anna kunne fungere som eit styringsverktøy i den kommunale forvaltinga av kulturminne.

Kommunedelplanen består av planomtale og arealkart, som syner registrerte kulturminne og kva kulturminne og kulturmiljø kommunen har prioritert, med tilhøyrande føresegner og retningsliner. Vedlagt planen (planomtale og arealplankart) ligg lister over registrerte kulturminne frå førhistorisk tid og nyare tid, samt forklaring av sentrale omgrep og ulike temakart. Plankartet er styrande for arealbruken i kommuneplanen sin arealdel.

Link til digitalt plankart:

<http://asplanviak.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=56a864dc10bd41fba5d84edd81d64de7>

Leikanger, 22.03.2019

Kjell Arne Valvik  
**Oppdragsleiar**

Hilde Ruud  
**Kvalitetssikrar**

VERSJON	DATO	SKRILDRING	KAV	HR
03	22.03.19	Endra etter merknadshandsaming.	KAV	HR
02	10.12.18	Til offentleg utlegging etter endring, jf. vedtak i Formannskapet 29.11.2018.	KAV	HR
01	01.11.18	For kommunal handsaming i formannskapsmøte 29. nov. 2018	KAV	HR

## Innhald

---

<b>1. BAKGRUNN.....</b>	<b>4</b>
<b>2. INNLÆING.....</b>	<b>5</b>
2.1. Kva er kulturminne?.....	5
2.2. Kvifor ta vare på kulturminne? .....	5
2.3. Føremålet med planarbeidet .....	6
2.3.1. Planprogrammet.....	6
2.3.2. Kulturminneplanen .....	6
2.4. Planprosessen og medverknad.....	7
2.4.1. Organisering av planarbeidet .....	7
2.4.2. Medverknad.....	8
2.5. Forskrift om konsekvensutgreiing .....	8
2.6. Avgrensing av planområde .....	8
<b>3. NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE MÅL OG RETNINGSLINER.....</b>	<b>9</b>
3.1. Lovgrunnlaget .....	9
3.2. Fredingsstrategi mot 2020 (Riksantikvaren).....	9
3.3. Regionale planar - Fylkesdelplanar .....	10
3.4. Utvalde kulturlandskap.....	10
3.5. Lokale planar.....	10
<b>4. LEIKANGER OG SYSTRONDSBYGDA SI HISTORIE.....</b>	<b>11</b>
4.1. Leikanger i førhistorisk tid .....	11
4.1.1. Steinalder .....	11
4.1.2. Bronsealderen.....	12
4.1.3. Jernalder .....	12
4.1.4. Tidleg stølsbruk i Leikangerfjella.....	13
4.1.5. Graver som tunmarkørar .....	14
4.1.6. Bautasteinane – markørar av eigedomsrett og religion .....	14
4.2. Mellomalder og det historiske Leikanger .....	15
4.2.1. Mellomalderkyrkjene.....	15
4.2.2. Leikanger i mellomalderen .....	16
4.3. Utviklinga etter reformasjonen .....	17
4.4. Leikanger – fylkeshovudstad i Sogn og Fjordane.....	19
4.5. Fruktbygda Leikanger.....	20
4.6. Leikanger som industristad.....	21
4.7. Det moderne Leikanger .....	22
4.7.1. Utviklinga på Hermansverk etter 1964 .....	22
<b>5. PLANFORSLAGET.....</b>	<b>24</b>
5.1. Prioriterte kulturminne og kulturmiljø i Leikanger kommune .....	24
5.2. Bygda / grender / gardar .....	24
5.2.1. Førhistoriske kulturminne (automatisk freda).....	25
5.2.2. Kyrkjer og kyrkjegardar .....	29
5.2.3. Kulturhistoriske bygningsmiljø, gardstun og bygningar, geil/gåte, dyrehald og åkerdrift, fruktdyrking, handverktradisjonar .....	32
5.2.4. Husmannsvesenet.....	46

5.2.5. Gamle bygdavegar .....	47
5.2.6. Skulehus, skulestellet, skulevegar, butikkar og næringslokale, industriverksemd.....	47
5.2.7. Samfunnsinstitusjonar – Leikanger som administrasjonsenter, offentleg forvaltning. Frå starten og fram til den nyare tida .....	53
5.2.8. Administrasjonsbygg.....	54
5.2.9. Krigsminne .....	60
5.3. Fjell og utmark .....	62
5.3.1. Stølar (tufter, skålgroper, hellalar, kokegroper, stølsvegar) .....	62
5.3.2. Andre utmarksminne - kolgroper, kolmiler, jernvinne, uteløper, vatningsveiter, stiar/vegar	
67	
5.4. Fjorden.....	68
5.4.1. Prioriterte kulturminne knytt til fjorden.....	68
5.4.2. Oversyn over andre kulturminne langs fjorden.....	72
5.5. Vegen vidare .....	76
<b>6. FØRESEGNER OG RETNINGSLINER .....</b>	<b>77</b>
6.1. Generelle føresegner og retningsliner.....	77
6.1.1. Kulturminne, § 11-9 nr. 7.....	77
6.2. Omsynssone, soner med særleg omsyn til landbruk, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse, § 11-8 c .....	78
6.2.1. Bevaring kulturmiljø.....	78
6.3. Bandlegging etter lov om kulturminne, § 11-8 d.....	78
<b>7. HANDLINGSDEL.....</b>	<b>80</b>
7.1. Handlingsplan - prioriterte tiltak 2018-2026 .....	81
<b>8. PLANKART OG TEIKNFORKLARING .....</b>	<b>84</b>
8.1. Link til plankart .....	84
<b>9. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEIDET .....</b>	<b>85</b>
<b>KJELDER.....</b>	<b>86</b>
Tekstreferansar.....	86
Kjelder og ressursar på nett.....	87
Informantar .....	87
Registrantar og tekstbidrag i kulturminneplanarbeidet:.....	87
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>88</b>
Vedlegg 1: Sentrale omgrep i kulturminnevernet .....	88
Vedlegg 2: Lister omsynssoner .....	90
Omsynssoner H570 og H730 - prioriterte kulturminne og kulturmiljø .....	90
Prioriterte kulturminne, enkeltobjekt (blå K).....	92
Vedlegg 3: Lister frå nasjonal kulturminnebase; Askeladden .....	94
Vedlegg 4: Lister SEFRAK .....	101
SEFRAK meldepliktig jf. kml. §25. Nyare tids kulturminne (raud K) .....	101
SEFRAK – yngre enn 1850 og ruinar. Nyare tids kulturminne (svart K).....	127

## 1. BAKGRUNN

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for kommande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminneforvaltning vert oppfylt. Staten forventar at kommunane registererer og gjer ei verdivurdering av kva kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi, og arbeider inn desse i planar etter plan- og bygningslova. Ein Kulturminneplan vil vere eit godt verkty og gje eit godt grunnlag for arbeidet. Kommunedelplanen for kulturminne vil sette temaet på den politiske dagsorden og innarbeide det i delar av kommunen si verksemrd.

Det er eit ynskje at planen skal ha som mål å formidle kunnskap om kulturminne og verdien av desse til kommunen sine innbyggjarar. Planen vil også vere viktig for eigarar av kulturminne. At eit kulturminne er forankra i planen er viktig med tanke på stønadsordning (Kulturminnefondet, m.fl.) og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald. Både skulevesen, næringsliv og kultursektor kan nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevingar.

Kulturminneplanen skal få fram fylgjande:

- kva kulturminne som skal dokumenterast/registrarerast for ettertida før dei går tapt
- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må settast i verk for at ein skal kunne ta vare på kulturminna

Kommunen har gjennom plan og bygningslova ansvar for å ta kulturminneomsyn i samband med planarbeid. I forvaltninga vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv sakshandsaming. Kulturminneplanen er eit viktig dokument som er styrande for kommunen si sakshandsaming av kulturminne lokalt.



Figur 1-1: Leikanger – frå fjord til fjell. Foto: Ørjan Talle

Riksantikvaren inviterte fylkeskommunane til samarbeid for å styrke communal kulturminneforvaltning. Sogn og Fjordane fylkeskommune utlyste midlar til utarbeiding av lokal kulturminneplan og registreringsarbeid. Leikanger kommunestyre har i «Kommunal planstrategi» vedteke å utarbeide ein kulturminneplan i Leikanger. Kommunen fekk i 2015 tildelt økonomiske midlar til arbeidet.

## 2. INNLEIING

Kulturminna er ein viktig og vesentleg del av kulturarven vår, og knytt til forvaltninga av det fysiske miljøet. Dei finst over alt i dei fysiske omgjevnadane, og er spor etter menneske. Kulturminna er difor ein del av vår felles arv og identitet.

### 2.1. Kva er kulturminne?

Kulturminnelova § 2 definerer **kulturminne** som *"alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon.* Dette kan vere buplassar, graver, dyrkingslag, fangstanlegg, jernvinneanlegg, kyrkjer og kultstader m.v.

Med **kulturmiljø** meiner ein område der eit eller fleire kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Ei samla vurdering av kulturhistoria i eit område, kulturminne og tidsdstrupne vil danne grunnlag for avgrensing av kulturmiljø. Omgrepet kulturmiljø femnar den samanhengen dei inngår i. Denne samanhengen er viktig for deira verdi som kulturminne. Det er nært samanheng mellom kulturmiljø og landskapstype.

**Kulturlandskap** er alt landskap som er påverka av menneske. Omgrepet blir brukt når det er fokus på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særlig ofte om jordbrukslandskap.

Kulturminnedefinisjonen er i seg sjølv svært vid, og ikkje basert på ei verdivurdering av spora frå fortida. Det er heller inga aldersgrense for kva som er kulturminne. Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø er stort og samansett, både i tid og rom, form og funksjon.

At eit kulturminne er freda betyr at det er underlagt kulturminnelova. Det finst ulike paragrafar i lova til bruk for ulike typar kulturminne og kulturmiljø. Freding vert vedteke av staten ved Riksantikvaren og gir kulturminnet eit sterkt vern. Ved nyare fredingsvedtak vil det ligge føre detaljerte fredingsføresegner.

Forvaltninga skil mellom automatisk freda kulturminne (også kalla fornminne/førreformatoriske kulturminne) og nyare tids kulturminne (også kalla etterreformatoriske kulturminne). Fornminne er kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), med unntak av ståande bygningar og myntar (1650), og samiske kulturminne (eldre enn 1917) og kulturminne i vatn og vassdrag (*eldre enn 100 år*).

Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter omkring det, inntil rette forvaltningsmyndighet har bestemt noko anna. Etterreformatoriske kulturminne, frå tida etter 1537 og fram til i dag, kan fredast etter vedtak eller forskrift, eller vernast gjennom plan- og bygningslova.

På 1900-talet vart det gjort ei landsomfattande registrering kalla SEFRAK. Dette omfattar hus eldre enn 1900 og andre faste kulturminne frå tida etter 1537.

Det er den regionale kulturminneforvaltninga (fylkeskommunen) som er rette forvaltningsmynde i forhold til kulturminne (automatisk freda og etterreformatoriske kulturminne) og kulturmiljø i Leikanger. Dette gjeld no også listeførte kyrkjebygg. For freding av bygningar, freda kyrkjer og kyrkjegardar frå mellomalderen, kulturminne i landsverneplanar, inngrep i skipsfunn eldre enn 100 år samt dispensasjonssaker som gjeld automatisk freda kulturminne er Riksantikvaren rette mynde.

Kulturminner som ikkje er freda etter kulturminnelova kan likevel ha eit formelt vern etter plan- og bygningslova. Bevaringsverdige kulturminne kan regulerast med omsynssoner og føresegner. Då er det kommunen som er rette mynde.

### 2.2. Kvifor ta vare på kulturminne?

Kulturminna utgjer kulturarven vår. Dei gir eit bilet av korleis menneska har teke landet i bruk og korleis utvikling i levesett har forandra seg. Men ikkje alle kulturminne kan eller skal vernast. I

forvaltninga av kulturminne blir det lagt vekt på at mangfaldet av kulturmiljø og kulturminne skal takast vare på, og at eit representativt utval skal prioriterast for vern. Det skal leggjast vekt på kulturhistoriske samanhengar framfor enkeltobjekt. Grunnlaget for å verne kulturminne og kulturmiljø er at dei har verdi som kjelde til *kunnskap*, som grunnlag for *opplevelingar* og som ressurs for *bruk*.

*Kjelde til kunnskap:* Ved vurdering av eit kulturminne sin kunnskapsverdi skal representativitet, samanheng/ miljø, autentisitet og fysisk tilstand vurderast. Kva kunnskap kan kulturminnet gje oss?

*Grunnlag for oppleveling:* Menneska opplever kulturminne og kulturmiljø på kvar sin måte. Opplevelinga heng blant anna saman med kunnskap, haldningar, tilknyting til staden og kva sosiale eller etniske gruppe ein høyrer til. Kulturminna er med på å vise kontinuitet og endring i det fysiske miljøet og gir staden karakter. Kva opplevelingar kan kulturminnet gje oss?

*Bruksressurs:* Mange kulturminne og kulturmiljø er i dagleg bruk, og har slik sett verdi som bruksressurs i seg sjølv. Eldre bygningar har oftast eit materialval og ei handverksmessig utføring som gir soliditet og varighet. Kulturminne har bruksverdi i den forstand at eldre bygningar og bygningsmiljø kan brukast i ein ny moderne samanheng. I samanheng med friluftsliv og turisme inngår kulturminne som ein del av opplevelinga, og kan dermed også ha ein pedagogisk verdi. Kulturminna er med andre ord ein indirekte ressurs som gir grunnlag for næringsutvikling. Kva bruk kan kulturminnet ha?

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ikkje-fornybare ressursar i lokalsamfunnet.

### 2.3. Føremålet med planarbeidet

Leikanger kommune er rik på kulturminne frå både førhistorisk tid og nyare tid. For å sikre langtidseffektar for kulturminneverdiane i kommunen er det viktig å arbeide med haldningsskapning og kunnskapsoppbygging. Gjennom bevisstgjering og auka kunnskap om kulturvern og kulturminneverdiane i Leikanger, både hjå sakshandsamarar, politiske organ og innbyggjarane i kommunen, vil ein legge til rette for ei god kulturminneforvaltning og positive haldningar til kulturminnevernet som ein ikkje-fornybar ressurs for kommunen og lokalmiljøet.

#### 2.3.1. Planprogrammet

Planprogrammet som vart vedteke hausten 2015 (21.08.2015) ligg til grunn for arbeidet med kommunedelplanen for kulturminne. I kommunedelplanarbeidet er prioriterte satsingsområde for kulturminneverdiane i kommunen vidareført frå planprogrammet.

#### 2.3.2. Kulturminneplanen

Hovudmålet med kulturminneplanen er å utarbeide ein reiskap til å gje oversikt over kva kulturminneressursar som finst i kommunen. Planen skal vise status og føreslå ei prioritering av kulturminna for på best mogleg vis sikre og forvalte denne ikkje-fornybare ressursen. Hovudtyngda av arealplanlegginga og den daglege forvaltninga av kulturarven føregår i kommunen. Leikanger kommune har slik eit stort ansvar for forvaltning av kulturminne lokalt.

Kulturminneplanen, som gjev eit geografisk og kvalitativt oversyn over kulturminne og kulturmiljø i kommunen, er eit viktig styringsverktøy i den kommunale kulturminneforvaltninga. Dette inneber verdurdering og prioriteringar. Når nokre kulturminne/-miljø vert viktigare enn andre, vert kulturminna lettare å forvalte. Arbeidet med kulturminneplanen har også vore eit viktig førebyggjande tiltak. Kulturminna vert altfor ofte oppdaga i samband med ei byggjesak. Med kulturminneplanen kan ein lettare unngå slike konfliktar i framtida.

Kulturminneplanen i Leikanger har følgjande siktemål:

- Skape identitet og **lokalt engasjement**
- Gjere kulturminneverdiane lettare **tilgjengeleg** for forvaltninga og innbyggjarane.
- Auke **grunnkompetansen** i kulturminnevern hos sakshandsamarar innanfor plan- og byggesaksetaten, politikarar og innbyggjarane.
- Få ei oppdatert og nyansert vurdering av **kulturminneverdiane** i kommunen.
- Bygge **haldningar** om kulturminne og kulturminna som positiv ressurs.
- Søke etter beste praksis i høve til praktisk **kulturminnevern** i byggesakshandsaming, reguleringssaker og kommuneplanarbeidet.
- Kulturminneplanen skal gje eit oversyn over «**arvesyvet**» i kommunen.
- Få fram kva kulturminne og kulturmiljø i kommunen som er potensielle ressursar for lokal **næringsutvikling**.
- **Formidling**, tilrettelegging og skjøtsel av kulturminne i kommunen
- **Prioriterte** satsingsområde for kulturminneverdiane i kommunen (handlingsplan)

Leikanger kommune skal med kulturminneplanen:

1. Etablere eit formelt grunnlag, gjennom bruk av omsynssoner, føresegner og retningsliner, for å ivareta omsynet til kulturminneverdiane i kommunen sitt planarbeid og sakshandsaming.
2. Skilje ut dei viktigaste kulturminna og skildre desse i planen.
3. Få fram gode avgrensingar for prioriterte kulturminne og kulturmiljø og vise desse med omsynssoner på kart.
4. Utarbeide ein handlingsplan for prioritering av forvaltningsarbeidet med omsyn på kulturminne.
5. Gje eit godt grunnlag for forvaltning og formidling av kulturarven i kommunen.

I tillegg kjem dei statlege måla om at tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.

## 2.4. Planprosessen og medverknad

### 2.4.1. Organisering av planarbeidet

Formannskapet er kommunen sitt faste utval for plansaker for denne planprosessen.

Ansvar for kulturminneplanen ligg til tenesteleiar for samfunnsutvikling og kultur. Lokale personar med interesse for kulturminneområdet i kommunen har vore ansvarleg for kvart hovudtema i planen. Byantikvaren i Lærdal har også delteke i registreringsarbeidet og i vurderingar av kulturhistoriske bygningsmiljø frå nyare tid.

Det er nedsett prosjektgruppe beståande av kommunalsjef, tenesteleiar, politikarar og representantar frå sogelaget. Prosjektgruppa har hatt to politiske representantar, ordførar Olav Lunden/Jon Håkon Odd (AP) og Eirik Hansson Hamre (SP). Frå administrasjonen har tenesteleiar Anne Brit Lauvsnes/Mari Aune/Åse Bruntveit Njøs og Per Holen vore med. Systrond sogelag v/Kjell Arne Valvik har i stor grad delteke i utforminga av kulturminneplanen. Frå sogelaget er elles Knut Henning Grepstad, Sigrun Espe og Marit Anita Skrede med i prosjektgruppa. Asplan Viak har hatt ansvar for ferdigstilling av planomtale og plankart etter at registreringsarbeidet og prioriteringane var utført. Prosjektgruppa har hatt fleire arbeidsmøte underveis i planprosessen.

Fylkeskommunen, ved prosjektleiar for lokale kulturminneplanar, deltok som observatør og rådgjevar i prosjektgruppa i den innleiande fasen av planarbeidet.

## 2.4.2. Medverknad

For å setja i gang arbeidet med kulturminneplanen, blei det skipa til ein open **kulturminnekveld**, der kring 60 deltagarar møtte. Programmet denne kvelden var todelt. I den fyrste delen fortalte tre av innbyggjarane i kommunen om tema som dei kjende godt, og som kunne vera aktuelle å jobba vidare med i planen. Sverre Fossen fortalte om jakt- og fangstminne, og kva ein kan vente å finne av slike minne i Leikanger-fjella. Magna Njøs Røysum fortalte om stølsliv og tida då ho var budeie. Olav Vestrehheim fortalte om Systrand som fruktbygd gjennom tidene.

I den andre delen av kulturminnekvelden var publikum inviterte til å koma med innspel til emne som kunne vera aktuelle å ha med i kulturminneplanen, samt koma med opplysningar om aktuelle kulturminne. Kulturminnekvelden var ein start på arbeidet og målet var å få på bordet kva innbyggjarane i kommunen interesserar seg for og ynskjer at skal vera ein del av Leikanger kommune sin kulturminneplan. Samstundes fekk ein på denne måten fram mest mogleg kunnskap om dei ulike emna som innbyggjarane i kommunen har.

Prosjektgruppa fekk på grunnlag av dette utarbeidd ei liste med aktuelle tema for arbeidet med kulturminneplanen, som no utgjer prioriterte kulturminne i planen. Utover det kan kulturminna også ha regional eller nasjonal verdi. I nokre tilfelle kan kulturminneverdiane også vere på eit internasjonalt nivå. Planprogrammet er fastsett av kommunestyret, slik at planarbeidet har vore politisk forankra. Dette gjer at kommunepolitikarane har eigarskap til kulturminneplanen. Det har vore fleire kulturminekveldar i løpet av planprosessen.

Det har vore arrangert **registreringskurs** – som har gjort fleire av innbyggjarane i kommunen i stand til å vera med på å registrera dei mange kulturminna våre. Kommunen har stått fritt til å bestemme kva for type kulturminne ein ynskjer å ha fokus på i **registreringsarbeidet**. Det var ikkje lagt opp til at dei som registrerte skulle ha spesielle forkunnskapar for å kunne registrera. Riksantikvaren har utarbeidd registreringsskjema og ei registreringshandbok som gjev rettleiing i korleis registrere kulturminne. Riksantikvaren har også utvikla «Kulturminnesøk.no» som er ein ny nasjonal publikumsportal som formidlar alle registrerte kulturminne. Fylkeskommunen har vore til hjelp med å arrangere kurs i registrering og kulturminnesøk og elles fagleg rådgjeving undervegs i planprosessen.

Registreringsarbeidet og planarbeidet har gått føre seg samstundes. Deltaking frå innbyggjarane og det dei i fellesskap med arbeidsgruppa har kome fram til har vore førande i det vidare planarbeidet.

## 2.5. Forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiing er ikkje relevant for denne planen. Det er ingen utbyggingsføremål.

## 2.6. Avgrensing av planområde

Kommunedelplanen for kulturminne dekker heile kommunen.

### 3. NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE MÅL OG RETNINGSLINER

#### 3.1. Lovgrunnlaget

Formålsparagrafen (§1) i Kulturminneloven av 9. juni 1978:

*"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjons opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet".*

Formålsparagrafen (§1.1) i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 1. juli 2015:

*«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.*

*Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.*

*Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.*

*Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.*

*Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.»*

#### Stortingsmeldingar

St.meld. nr 16 (2004-2005) "Leve med kulturminner" er følgt opp med ei ny melding som er retningsgjevande for kulturminneforvaltninga i Noreg. St.meld. 35 "Framtid med fotfeste" (2012-2013). Den nye meldinga omtalar justeringa i kulturminnepolitikken, som er viktige for å nå måla Stortinget har sett. Fredingspolitikken skal prioritere heilskaplege kulturmiljø, og i større grad ta omsyn til dei praktiske og økonomiske konsekvensane ei freding får for samfunnet. Meldinga inneholder vurderingar og formuleringar av verdigrunnnlag, mål og strategiar for ein fornaya kulturminnepolitikk. Den gjev også ei rekke konkrete tilrådingar.

#### 3.2. Fredingsstrategi mot 2020 (Riksantikvaren)

Riksantikvaren har fått i oppdrag av Klima- og miljødepartementet å utarbeide ein fredingsstrategi, som eit resultat av stortingsmeldingane nr. 16 (2004-2005), Leve med kulturminner og nr. 35, Framtid med fotfeste (2012-2013). Alle landets fylkeskommunar har delteke i arbeidet.

Riksantikvaren er nyleg ferdig med utarbeidinga av ein strategi for framtidige fredingar. I fredingsstrategien er det valt ut ti prioriterte tema, der viktige kulturminne innan kvart tema vil bli freda.

- Forsvars- og krigshistorie
- Nasjonale minoritatar
- Kulturminne i utmark
- Handel
- Fellesskap og demokrati
- Rekreasjon, fritid og folkehelse

- Ferdsel
- Industri
- Busetnad etter industrialiseringa
- Etterreformatoriske, arkeologiske kulturminne

### 3.3. Regionale planar - Fylkesdelplanar

I Sogn og Fjordane er det utarbeida ein Fylkesdelplan for arealbruk (2000). Denne gjev retningsliner til kommunal arealplanlegging. For tema kulturminne og kulturlandskap har planen følgjande mål:

*"Sikre ei berekraftig utvikling og verne kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida og sikre kulturminne og kulturmiljø av kulturell, geografisk og tidsmessig breidde som har nasjonal, regional og lokal verdi".*

Vidare er hovudmålet i Fylkesdelplan for landbruk (2002) livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane. Ein av strategiane er å utvikle kulturlandskapet som ein ressurs. Tiltaka omfattar etablering av nasjonalt senter for kulturlandskap, dokumentasjon av kulturlandskapet sin verdi for reiselivet og auke kunnskapen om forvalting og skjøtsel av kulturlandskap.

### 3.4. Utvalde kulturlandskap

Heile Grindsdalen, både Grindsdalen på vestsida av Grindselvi og Huksdalen på auststsida, med seterområde vart utpekt som viktig kulturlandskap i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap tidleg på 1990-talet. Totalt utgjer dette ca. 13 000 daa. Innafor det nasjonalt og regionalt viktige kulturlandskapet er kulturminneverdien vurdert som svært verdifullt. Her er tradisjonelle driftsformer, eldre strukturer tydeleg mosaikk av eldre kulturmarker, slåtteengar, styvingstrær, bjørkehagar, stølar, gamle bygningar og vegar. Dette er eitt av seks område i fylket som er med i rapporten «*Verdifulle kulturlandskap i Norge. Del 4 – Sluttrapport frå det sentrale utvalget*».

*Utvalde kulturlandskap i jordbruket* er eit felles prosjekt frå Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet, som skal bidra til at spesielt verdifulle kulturlandskap får ei særskild forvaltning innan 2010. Grinde-Engjasete (kjerneområdet) vart i 2009 valt ut som eitt av 22 (no 40) område i Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Dei områda som er valt ut omfattar kulturlandskap i jordbruket med både svært store biologiske og kulturhistoriske verdiar som det er realistisk å halde i hevd på lengre sikt.

Forvaltningsplanen for Grinde og Engjasete er eit felles grunnlag for forvaltninga av det verdifulle kulturlandskapet for grunneigarar/brukarar, kommunen og staten. Skjøtselsplanen og eventuelle avtaler mellom grunneigarar/brukarar og staten er fundamentert i forvaltningsplanen. Planen skildrar området med fokus på biologiske og kulturhistoriske verdiar, aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak, juridiske og økonomiske rammer, samt målsettingar, utfordringar og moglegheiter i høve til ei langsiktig forvaltning.

### 3.5. Lokale planar

Med utgangspunkt i SEFRAK-registeret vedtok Leikanger kommune i 1993 ein plan for bygningsvern. Gjennom arbeidet med kulturminneplanen er hovudtrekka i vurderingane vidareført, og vi har fått på plass viktige lokale mål og retningsliner for forvaltninga av kulturminna lokalt.

## 4. LEIKANGER OG SYSTRONDSBYGDA SI HISTORIE

I Leikanger kommune har vi mange spanande førhistoriske kulturminne som kvar for seg er viktige bitar for å fortelja kulturhistoria. Ein del av kulturminna er godt kjende for folk flest, medan andre ikkje er like godt kjende. Kulturminneplanen viser ei reise gjennom bygda si kulturhistorie, frå dei fyrste menneska sette sine spor i bygda til i dag. Under visast ein tidstabell med periodar og dateringar.

*Tabell 4-1. Tidstabell med periodar og dateringar.*

<b>9000 - 4000 f.Kr.</b>	<b>ELDRE STEINALDER (MESOLITICUM – MESOLITTISK TID)</b>
9000 - 8200 f.Kr.	Tidligmesolitikum (TM)
8200 - 6300 f.Kr.	Mellommesolitikum (MM)
6300 - 4000 f.Kr.	Senmesolitikum (SM)
<b>4000 - 1750 f.Kr.</b>	<b>YNGRE STEINALDER (NEOLITICUM – NEOLITTISK TID)</b>
4000 -3400 f.Kr.	Tidligeolitikum (TN)
3400 - 2700 f.Kr.	Mellomneolitikum A (MN A)
2700 - 2400 f.Kr.	Mellomneolitikum B (MN B)
2400 - 1750 f.Kr.	Senneolitikum (SN)
<b>1750 - 500 f.Kr.</b>	<b>BRONSEALDER (BRA)</b>
1750 - 1100 f.Kr.	Eldre bronsealder (EBRA)
1100 - 500 f.Kr.	Yngre bronsealder (YBRA)
<b>500 f.Kr. - 1000 e.Kr.</b>	<b>JERNALDER (JA)</b>
500 f.Kr. - 550 e.Kr.	Eldre jernalder (EJA)
500 f.Kr. - Kr.f.	Førromersk jernalder (Kelttid)
Kr.f. - 400 e.Kr.	Romersk jernalder (Romertid)
Kr.f - 200 e.Kr.	Eldre romertid
200 - 400 e.Kr.	Yngre romertid
400 - 550 e.Kr.	Folkevandringstid
550 - 1000 e.Kr.	Yngre jernalder (YJA)
550 - 800 e.Kr.	Merovingertid
800 - 1000 e.Kr.	Vikingtid
<b>1000 - 1537 e.Kr.</b>	<b>MIDDELALDER (MA)</b>
<b>1537 e.Kr. –</b>	<b>NYERE TID (ETTERREFORMATORISK TID)</b>

### 4.1. Leikanger i førhistorisk tid

#### 4.1.1. Steinalder

Godt klima og gode jordbruksområde var viktige føresetnadar for dei fyrste menneska som busette seg på Systrand for meir enn 4000 år sidan, i yngre steinalder. Sjølv om funna ikkje er veldig talrike frå denne eldste perioden, veit vi at område i store delar av bygda vart nytta. Det mest omfattande funnet vart gjort ved utgraving av sjukeheimstomta. Her vart påvist fleire bygningar, i tillegg at til at det vart drive åkerbruk. Det er mogleg at menneska her var bufaste, og at ein kan snakka om ein gardsstruktur.

Ved to høve er det funne spor frå yngre steinalder ved arkeologiske undersøkingar i Leikanger. Dei to områda er der Statens hus ligg, Jakobgarden, og der sjukeheimen ligg, Skakgarden. I seinare tid er det gjort funn frå steinalder ovanfor Stavsete, mellom stølen og Stavatjørni. Eldstaden på lokaliteten er datert til ca. 3000 f.Kr. Det er også gjort funn frå ein steinalderlokalitet i lia ovanfor Hamre, om lag på marin grense.

På Skakgarden fanst busetjingsspora i fleire nivå, skilde av dyrkingslag. Det nedste dyrkingslaget er datert til 1900 f. Kr. Det vart også funne spor etter to hus frå yngre steinalder. Over dette er eit tjukt lag med rasmassar. Dette laget dekker heile lokaliteten, og har truleg vore ein katastrofe då det

skjedde. Det er usikkert kor lang tid det tok før menneska busette seg her igjen, men rundt 400-500 f.Kr. vart jorda igjen dyrka. Området der sjukeheimen ligg i dag, ser ut til å ha hatt nærmast samanhengande aktivitet i rundt 3000 år.

På Jakobgarden vart det påvist tidleg dyrking i form av pollenkorn av bygg frå rundt 2000 f.Kr. Saman med dyrkingsspora frå Skakgarden, er dette av dei eldste dyrkingsspora frå Sogn og Fjordane. Mange av funna frå yngre steinalder er gjenstandsfunn som vi ikkje kjenner den eksakte funnstaden til. Ofte blir dei funne ved jordarbeid på gardane, gjerne ved pløyning. Vi kan tidfesta gjenstandar ved hjelp av typologi, det vil seia at ein veit korleis ulike gjenstandstypar har sett ut til ulike tider. Ein flintdolk vart funnen i jordmassane etter at utgravingane på Skakgarden var ferdigstilt, og kan tidfestast til yngre steinalder.

#### **4.1.2. Bronsealderen**

Også frå bronsealderen er det få kjende funn. Gravfunn, dyrkingsspor, skålropslokalitetar, kokegropar og nokre gjenstandsfunn gjev oss likevel ein peikepinn på at bruken av området er vidareført. Det er mogleg bygda allereie på dette tidspunktet var delt inn i ulike ressursområde rundt det som seinare vart dei store gardane i bygda – Njøs, Henjum, Husabø, Hamre og Grinde.

Skålropene frå bronsealderen er bergbilete og hører til den rituelle sfæren. Det er gropar som er hogne eller prikka inn i berg. Dei kan vera så små og grunne at ein knapt ser dei, eller dei kan vera 6-8 cm breie og djupe. Ofte blir skålropene kalla stølsristningar. Det er vanleg å tolka skålropene som spor etter rituell aktivitet i bronsealderen. Truleg har dei vore knytt til ein fruktbarhetskult, der det er ofra smør i gropene for å sikra gode avlingar. Skålropslokalitetar finn ein ofte i gode beiteområde, område som har hatt beiteaktivitet frå bronsealderen.

Me har fleire felt med skålropar på Systrand, mellom anna tre ved Kjerringmyr og 12 i Friksalen. Kjerringmyr ligg ovanfor stølane til Fosshagen, om lag 600 m.o.h. På eit berg nordafor myra er det hogge inn rundt 140 skålropar. Arkeologen Per Fett registrerte lokaliteten første gong på 1940-talet.

Friksalen er ein sidedal til Henjadalen. Her er registrert to stølsområde, der Svolset har dateringar frå jernalderen, medan Heimste Friksdal har vore i bruk sidan mellomalderen. På begge dei to stølsområda er det skålropar. Pollenundersøkingar frå Friksalen viser at dalen har vore brukt som beite frå bronsealderen. På bakgrunn av lokaliseringa av skålropsteinar nær tufter som har vore i bruk i jernalderen, er det nærliggande å tenka at ofringa i skålropene her har halde fram inn i jernalderen.

#### **4.1.3. Jernalder**

Den aller største gruppa med kulturminne i bygda kan tidfestast til jernalderen, perioden frå 500 f. Kr til 1000 e.Kr. Særleg frå århundra etter Kristus ser det ut til å bli stor aktivitet her. Den aller største funnkategorien er gravminna. Ved å studera dei, får vi innblikk i gravskikken til ei kvar tid, som igjen fortel oss mykje om samfunnet dei levde i. Her i bygda er det kjent særleg mange og rike kvinnegraver frå folkevandringstida, fleire av dei er frå Røysum. Desse funna fell i tid saman med at aktiviteten i Friksalen verkeleg skyt fart. Det er mykje som tyder på at intensiveringa i utnyttinga av utmarka gav grunnlaget for rikdomen vi ser på Henjum/Røysum på den same tida. Også andre stadar i bygda er det teikn på auka aktivitet og større rikdom frå midten av første århundre etter Kristus.

I yngre steinalder og bronsealderen var jordbruket ekstensivt. Ein hadde trond for store ressursområde, sidan åkrane med jamne mellomrom måtte ligga brakke ei tid. Ei meir intensiv drift vart vanleg i jernalderen. Det er fyrst då ein snakkar om ein fast gardsstruktur, det vil seia at tunet låg meir stabilt over tid og at åkerbruket vart meir effektivt. Det vart ikkje behov for like store område som då ein hadde skiftande åkrar.

Den intensive drifta i jernalderen skapte grunnlaget for eit klårare skilje mellom innmark og utmark. Frå jernalderen var ofte store åkrar nært knytt opp til tunet. Desse åkrane kan ha namn som

Storåkeren eller Gamleåkeren. Sidan åkrane skulle ligga meir fast enn tidlegare, vart det lagt ned meir ressursar i åkerbruket. Ein byrja å gjødsla åkrane, noko som var ein viktig føresetnad for effektiviseringa. Åkrar vart rydda for stein, og det vart bygd opp bakkemurar for at åkrane ikkje skulle siga ut. I tillegg vart det bygd geilar, fegater, der buskapen vart ført ut i utmarka. Ofte har gardstuna den same lokaliseringa i dag som dei hadde i jernalderen.

På utskiftingkartet for Henjagardane frå 1864/65 ser vi geilen som starta i Henjatunet og strakk seg ut i utmarka. Deler av denne finn vi att i landskapet enno i dag, heilt frå bustadfeltet på Henja/Røysa og fleire hundre meter ut til utmarka. Arkeologiske undersøkingar tyder på at geilen er bygd i århundra rundt Kristi fødsel. Det er sannsynleg at tunet på Henjum har lege fast frå då. Dette fell saman med det ein veit om gardsutviklinga andre stadar i Sogn.

Kokegropar er ein av dei vanlegaste funnkategoriane på Vestlandet. Også på Systrond er det funne mange kokegropar – både i låglandet og på fjellet. Denne type funn er ofte datert til eldre jernalder, men kan vera både yngre og eldre. Den er påvist kokegropar frå bronsealderen i Friksdalen, på Jakobgarden og på Hjedl.

Kokegropene har blitt brukt til å førebu mat i. Det vart greve ei hole i bakken, og laga eit bål ned i. Når det var brent ned, vart det lagt på nevestor stein. Oppå der la ein på maten som ein ville førebu. Ein kunne laga mat til rundt 10 personar i kvar grop. Av og til finn ein berre einskilde gropar, andre gonger finn ein store felt med kokegropar. Der gropene ligg enkeltvis, har føremålet berre vore å laga mat. Der mange ligg samla er det naturleg å tenka seg at dei også har hatt ei vidare tyding for menneska. Her i bygda har vi funne kokegropfelt i Friksdalen og på Hjedl.

På Svolset ligg 10 kokegropar samla på ein tørr voll i utkanten av tuftområdet. På grunn av den karakteristiske utsjånaden, er denne vollen blitt kalla eggekartongen. Ei undersøking av to av desse kokegropene viste at dateringane er identisk, rundt 400 e.Kr. Det totale inntrykket av dei 10 gropene er at dei har vore i bruk samstundes. Også ved utgravinga på Hjedl var kokegropene i absolutt fleirtal, 27 i talet. Det store talet med kokegropar både i Friksdalen og på Hjedl indikerer at områda har vore brukt som samlingsstadar. Desse områda har vore feststadar, og kan kanskje knytast til kultiske aktivitetar.

#### 4.1.4. Tidleg stølsbruk i Leikangerfjella

Stølsbruket har vore viktig for gardane i moderne tid. Då tuftene i Friksdalen vart oppdaga rundt 1980, fekk ein visse om at denne type bruk av utmarka kan trekka meir enn 1000 år bak i tid. Det er truleg at den tidlege stølsaktiviteten har hatt likskapstrekk med den vi kjenner frå nyare tid, men omfanget av tufter og type funn kan tyda på at aktiviteten i jernalder var meir omfattande enn stølsbruket vi kjenner frå nyare tid.

Aktiviteten i Friksdalen kan delast i to periodar. Frå slutten av bronsealderen fram til rundt 200 e.Kr ser heile Friksdalen ut til å ha vore nytta som beite, utan at det er spor etter korkje fast eller periodisk busetjing. Spreidde kokegropar, avsviing til beite, samt skålgropene, viser likevel variert bruk av området. Dette biletet er nok gjeldande for fleire av stølsdalane i Leikangerfjella.

Dei fleste av tuftene på Svolset ser ut til å ha vore i bruk frå 400-talet og fram mot år 1000. Dei andre førhistoriske stølsområda i kommunen har ikkje vore systematisk undersøkt, men ut frå form og utsjånad er det grunn til å gå ut frå at bruken i denne tida også gjeld fleire andre stølsområde.

Funna av spennforma keramikk og kleberskar frå Svolset fortel at menneska har førebudd mat her, dei dreiv med tekstilarbeid, og her er restar etter ulike reiskap. Funn av fleire glasperler fortel dessutan at kvinnene pynta seg medan dei heldt til her.

Rundt år 1000 forlet menneska bygningane på Svolset for godt. Det er uklart kvifor, men det er mogleg at ei senking av skoggrensa kan ha skipla dei økologiske føresetnadane for den intensive utnyttinga på Svolset. Økonomiske aspekt i bygda eller samfunnet elles kan også ha spela inn.

Truleg rådde Henjum og Røysum over ressursane i Friksdaleni i jernalderen. Det er uvisst om dette var ein eller to gardar i eldre jernalder, då den omfattande aktiviteten i dalen tok til. På Røysum er kjent fleire graver, lokalisiert på terrassekanten i aust. Gravene er i hovudsak utgravne og fjerna. Det er vanleg å tolka mange graver med denne lokaliseringa som territoriemarkørar, og ut frå dette er det mogleg at Henjum og Røysum var ein gard på dette tidspunktet.

Henjum/Røysum har truleg vore ein storgard allereie i eldre jernalder, og dei har difor hatt høve til å senda delar av arbeidskrafta til fjells i sommarhalvåret. Med bakgrunn i det store omfanget har anlegget på Svolset truleg gjeve grunnlag for overskotsproduksjon. Det er sannsynleg at det er delar av denne rikdomen som avspeglar seg i folkevandringstidsgravene på Røysum. Truleg har mellom anna meieriprodukt, ull og kjøt blitt bytt mot luksusvarer.

Frå Røysum er fleire velutstyrte kvinnegraver. I desse gravene er det funne fleire praktgjenstandar. I 2001 vart ein rest av ei gravrøys greven ut. Trass i at røysa var svært øydelagd då utgravingane starta, vart det funne restar etter to gravkister. Ei stor helle dekka over restane av den eine grava. I denne grava vart det funne to hekter og to maljer av sølv. Desse har truleg vore plasserte på handledda, for å kunne halde saman skjorte-ermiane. Det vart dessutan funne fire spenne av bronse.

Desse vart brukte på overkroppen, både til pryd og til å halda saman drakta. Det vart også funne perler av rav og jernfragment.

Grav B var veldig øydelagd, men ein del gravgods låg likevel att. Det vart funne ei draktpenne og ein pinsett av bronse. Pinsetten har vore festa i beltet saman med andre småreiskap. I tillegg var funn av to spinnehjul og to leirkrukker.

#### **4.1.5. Graver som tunmarkørar**

Det er kjend mange gravminne (gravhaugar og røyser) i Leikanger. Mange ligg spreidde i kulturlandskapet (Grinde, Fosse, Fosshagen, Eggum, Hamre, Halland, Husabø) og nokre ligg eller har lege i større samla gravfelt (Henjum, Husabø, Røysa, Njøs). Gravfeltet på Henjahugane er det einaste vi i dag har att av dei større gravfelta.

Henjahaugane ligg ovanfor Henjatunet, aust for Henjahugane barnehage. Det ligg fire graver lett synlege framme på kanten, desse røysene er ein del av eit større gravfelt.

I tillegg til dei fire som ligg framme på kanten, er det minst seks fleire gravrøyser i dette feltet. Dei ti gravene varierer i storleik mellom 7,5 og 25 meter i diameter. Ingen av gravene er undersøkte av fagfolk, og vi veit difor lite om dei, både når det gjeld innhald og datering. Dei fire fremste haugane har form og plassering som ofte blir tidfesta til yngre jernalder, med plassering tett på tunområdet. Alle dei fire som ligg framme på kanten har i eldre tid vore plyndra av gravrøvarar. Dette viser ved store søkk i midten av dei. Det er usikkert når dette skjedde, og om dei fann noko.

I tillegg til dette gravfeltet nord for Henjatunet, er det kjende fire andre graver på Henjum. To av desse er frå folkevandringstida. Alle gravene har stort sett ei tun-nær plassering. Dei er også godt synlege frå den austlege delen av bygda.

Gravrøyser og gravhaugar særleg frå yngre jernalder vart ofte lagt nær tunet og blir gjerne brukt som indikator på at tunet har lege fast, seinast på denne tida. Sjølv om vi ikkje kjenner dateringane til mange av gravene på Henjum, er det sannsynleg at dei markerar territoriet. Det er truleg at tunet på Henjum har lege fast sidan gravene vart bygde, seinast i vikingtid.

#### **4.1.6. Bautasteinane – markørar av eigedomssrett og religion**

Det kan vera fleire tolkingar av bautasteinar. Ofte er dei brukt til å markera graver, men dei kan også ha markert eigedomssrett knytt til odel, ved at dei knytte band mellom ei slekt og forfedrane. Det er også mogleg at bautasteinane har markert religion, i førkristen tid ein fruktbarhetsreligion.

Det finst fleire kjende bautasteinar frå Systrand. Tre av desse står oppreiste i området der dei har stått opphavleg. Andre er funne nedlagde ved utgravingar, og er ikkje blitt plassert ut att i landskapet.

Den mest kjende er Balderssteinen. Han er nesten 7,8 meter høg, og skal vera den høgste bautasteinen i landet. Denne steinen står på Husabø. Gjennom Fridtjos saga er steinen knytt til Fridtjov den frökne. Det vert der sagt at steinen står på grava til denne vikingkongen. Det har vore gravminne i det same området, mellom anna ein gravhaug som kan ha gått rundt steinen. Like ovanfor Balderssteinen låg dessutan to gravhaugar, kalla Balders-haugane. Det store gravfeltet på Husabø ligg dessutan nært opp til Balderssteinen.

Ein annan bautasteinen i lokalmiljøet, står oppreist i friområdet på Nybø. Denne steinen vart funnen då vegen vart bygd. Her vart også funne tre graver som alle kan daterast til eldre jernalder. Denne steinen strekk seg i dag 3,7 meter over bakken. Også på Indre Hamre, på Hamremyri, står ein bautastein. Den er 2,5 m høg.

Dei siste kjende bautasteinane frå Systrand, er alle dukka opp ved arkeologiske utgravingar, mellom anna i samband med utviding av gravplassen og gartneriet. Ved sidan av den eine bautasteinen i Husabø vart det funne ei hellekiste, og funnet kan truleg daterast til ein stad mellom 500 og 800 e. Kr.

## 4.2. Mellomalder og det historiske Leikanger

Ut frå skriftlege kjelder frå mellomalderen og seinare tid veit vi at fleire av gardane her i bygda var mellom dei største gardane i distriktet, og jamvel på heile Vestlandet. At her har vore fire kyrkjer i mellomalderen er også eit vitnemål om store og rike gardar. Tre av kyrkjene var privateigde gardskyrkjer, og det skulle stor rikdom til for å få dei oppført.

### 4.2.1. Mellomalderkyrkjene

Det var fire kyrkjer på Systrand i mellomalderen, dei tre privatkyrkjene er lokalisert på Njøs, Henjum og Hamre. Den siste var bygd av kongens menn – Leikanger kyrkje. Alle dei fire kyrkjene er omtala i Bergens Kalvskinn, ei jordebok frå rundt 1340. Kyrkjene vart bygd i perioden mellom slutten av 1000-talet og fram til ca 1300, og tre av dei stod fram til 1600-talet. Leikanger kyrkje står i dag.

Kyrkjeruinane på Njøs er teikna inn på utskiftningskartet frå 1876. Kyrkja stod nordvest for husa på bnr 18. Den var av stein, bygd i romansk stil, noko som indikerer at ho vart sett opp i første halvdel av 1100-talet. I 1993 vart det ved pløyning avdekka restar etter langveggane i kyrkja. Det er funne ubrende bein, mellom anna kranium og mogleg lårbein. Desse er tolka til å vera frå gravleggingar på kyrkjegarden ved kyrkja. Kyrkja vart nedlagt ein gong etter 1598.

Kyrkja på Henjum har stått på innmark i den sørlege delen av gamletunet. Kyrkja var bygd i tre. Tidleg på 1900-talet skal det ha funnest materiale frå kyrkja på garden. Det heiter «Kyrkjegarden» der kyrkja skal ha stått. I 1947 vart det funne rundt 13 skeleett i tillegg til ei steinsett kiste og ei trekiste med bein. Kyrkja vart stadfesta nedlagt i 1574, men den kan ha vore i bruk fram til rundt 1600.

Kyrkja på Hamre låg sør for husa, på innmark rundt 50 meter vest for gamletunet på Indre Hamre. Kyrkja var bygd i tre. Det er mogleg at kyrkja var bygd på 1100-talet. Den vart nedlagt mellom 1563 og 1585.

Leikangerkyrkja vart bygd i stein ein gong på 1200-talet. Det kan tidlegare ha stått ei eldre kyrkje her. Truleg vart kyrkjestaden peika ut av kongen sine menn. Husabø var frå gammalt veitslegard, der kongens menn kunne ta inn når dei forbi. I dei eldste kjeldene vert Leikangerkyrkja nemnd som soknekyrkje. Frå 1598 vart ho kalla hovudkyrkje. Leikanger kyrkje, ein av dei 5 steinkyrkjene lags Sognefjorden, er vel 750 år gammal. Området der kyrkja og prestegarden ligg har heitt Leikvangr, altså

plassen der det vart halde samlingar og spel; ein kultstad heilt frå førkristen tid. Dette er truleg opphavet til kommunenamnet.

#### 4.2.2. Leikanger i mellomalderen

Tidsrommet frå kring 1050 til 1537, året då reformasjonen vart innførd i Noreg, er det vi kallar mellomalderen. I dette tidsrommet er året 1349 eit viktig skilje. Samfunnet var ikkje det same før og etter svartedauden.

Namnet Leikanger vart i den eldste tida nytta om ein samlingsstad, Leikvangen, midt i bygda, der det på 1200-talet vart reist ei kyrkje. Etter reformasjonen vart namnet knytt til eit nytt og større prestegjeld. Då kommunane vart oppretta i 1837, gjekk namnet over til å bli kommunenamn.

Det eldste namnet på bygda er Systrand, eller Syrstrand, som det også vart skrive. Namnet finn vi i historiske kjelder frå 11-1200-talet. Tydinga er uviss. Leikvangen kan knytast til ein eldgammal samfunnsskipnad der hov og bygdeting var samlingspunkt. Begge deler har der vore like ved Leikvangen.

Ved overgangen til mellomalderen var samfunnet mykje omskipa. Dei gamle bygdetinga var innvovne i eit større mønster med lagtinget – Gulatinget – på toppen. Det var rikssamlinga, som truleg hadde sitt utspring her på Systrand, som no på det nærmeste var fullført. Eit av dei fremste mål for rikskenget var organiseringa av eit effektivt forsvar. Vi fekk leidangen og inndelinga av landet i skipreier.

Ei skiprei skulle byggje og ruste ut eit langskip med fullt mannskap. Systrand skiprei grensa mot Norum skiprei i aust, strekte seg vestover og inn Fjærlandsfjorden til og med Romøyri. Vestanfor låg Tjugum skiprei. Bygdene på sørsla, frå Fresvik til og med Vangsnes, var ei skiprei. Grensene for Systrand skiprei var, i motsetnad til fleire andre skipreier, uendra gjennom heile mellomalderen.

Det må kunne tolkast slik at Systrand hadde eit relativt høgt folketal alt frå leidangsskipnaden kom i stand på 900-talet. Organiseringa av forsvaret stilte store krav til lokalsamfunnet. Det var mange spørsmål som kravde drøfting og handling. Her vart bygdetinga ein viktig arena for samhandling, attåt dei andre oppgåvene som låg til bygdetinga, m.a. rettvistar.

Systrand, som dei andre bygdene i midtre og indre Sogn, var i mellomalderen eit reint bondesamfunn. I eit slikt samfunn vart eigedomsretten til jord overlag viktig. Verdien av jordbruksseigedom vart rekna i månadsmatbol. Det vil seie den mengda mat som trongst til ein leidangsmann i ein månad. Skulle ein gjennomsnittsfamilie på 5-6 personar kunne livberge seg på eit bruk, måtte dei disponere jord tilsvarende 4-5 mmb.

Professor Andreas Holmsen gjorde i 1930-åra ein grundig studie av jordegdomstilhøva i Sogn, frå dei eldste tider fram til nytida. Med grunnlag i opplysningar i jordebøker frå 13-1400-talet, kom han fram til 17200 mmb. for heile Sogn på 1300-talet, før svartedauden. Samla folketal i Sogn har då vore knapt 14000. Systrand skiprei kjem ut med 850 mmb. eller eit folketal kring 700.

Ifylgje Holmsen var gjennomsnittet pr. namnegard på Systrand nær 45 mmb., som er det høgste gjennomsnittstalet for bygdene i Sogn. Dei 4 største gardane, Njøs, Henjum, Husabø og Hamre, var alle på kring 100 mmb. Kvar av desse gardane skulle kunne gje livberging til 70-80 personar. Kor mange bruk det var på kvar gard, veit vi lite om. Det kan her nemnast at Husabø frå først av truleg var største garden i bygda, men han kan ha vorte delt alt i vikingtida, slik at Hamre vart skild ut som eigen namnegard.

Dei færraste gardbrukarane var sjølveigarar. Det store fleirtalet var leiglendingar og laut svare jordleige (landskyld) til ein jordegjar. Den suverent største jordegaren var kyrkja som på landsplan åtte nær 40% av all jord kring 1350. Kongen og verdsleg aristokrati åtte 25-30%, resten var i hovudsak bondeeige. For Sogn høver desse tala når det gjeld kyrkja, men Holmsen kjem til at prosentdelen som var bondeeige, i Sogn låg ein god del lågare enn landsgjennomsnittet.

Det var eit sterkt verdsleg aristokrati i indre og midtre Sogn i mellomalderen. I Sogn har det funnest minst 10 adelege setegardar, men alle desse var ikkje setegardar på same tid. Kyrkja var ei veksande samfunnsmakt gjennom heile mellomalderen. Kyrkjemakta vart sterkare enn kongemakta, i alle høve på det økonomiske området. Svartedauden vart eit knusande slag mot det verdslege aristokratiet. Kyrkja tolde det økonomiske tilbakeslaget betre enn den verdslege eliten. Kyrkja vart no ein sterkare berar også av nasjonale interesser.

Kyrkjemakta var sterk og gjennomgripande på Systrand i mellomalderen: 4 kyrkjer innan ein avstand på 4-5 kilometer, eller ei kyrkje på 150-200 innbuarar. To av kyrkjene var steinkyrkjer, det finn ein ikkje parallel til nokon annan stad i Sogn og er eit sikkert teikn på lokal rikdom. Men vi kjenner ikkje namnet på nokon av dei som stod bak reisinga av desse kyrkjene. Den kyrkjelege organisasjonen greidde seg betre enn verdslege organ etter svartedauden. Alle dei 4 kyrkjene ser ut til å ha vore i bruk heilt fram til reformasjonen.

Kunnskapen om Systrand i mellomalderen kjem frå to hovudkjelder: Kyrkjelege jordebøker og ein del brev, eller diplom, om eigedomsoverdragingar. Elles er det historiske kjeldematerialet svært tynt, nesten ikkje-eksisterande. Historiske personar frå Systrand møter vi i vikingtida, men i mellomalderen får vi ikkje eit tydeleg bilet av nokon her i bygda, berre eitt og anna namn dukkar opp, som Karlshovud i Husabø, som på 1200-talet var adelsgods.

Svartedauden var eit knusande slag mot dei som levde av andre sitt arbeid, dvs. aristokratiet. I Sogn var fallet dramatisk, samla landskyld fall til om lag 16% av nivået før. I heile landet var det knapt noko anna tilsvarande stort bygdelag som vart så hardt råka som Sogn. Kring år 1400 var folketalet på det lågaste, mellom 2000 og 3000 for heile Sogn, mot knapt 14000 like før katastrofen.

I 1522 fekk vi det første skattemanntalet. Med grunnlag i dette set Holmsen folketalet i Leikanger den gong til 360, og ca 4400 for Sogn. Leikanger kom noko lettare frå svartedauden enn nesten alle andre bygder i midtre og indre Sogn. I Leikanger var det få gardar som låg så avsides til at dei var liggjande heilt øyde. Det må også nemnast at livet i det heile no vart lettare for det breie lag av folket. Presset frå overklassen minka. Det vart lettare og billegare tilgang på jord, og folk kunne unne seg ein betre levemåte.

Ved reformasjonen fekk vi ei total omskiping av den kyrkjelege organisasjonen. I mellomalderen var presten knytt til den einskilde kyrkja, likevel slik at somme prestar kunne ha to kyrkjer å tene. I Leikanger var det 3 prestar i katolsk tid. Etter reformasjonen kom Leikanger til å danne midtpunktet i eit nytt, stort prestegjeld som også femnde om Balestrand, Fjærland, Fresvik, Feios og Vangsnes. Mesteparten av kyrkjegodset la kongen under seg, men der var likevel så mykje att i kyrkjeleg eige at Leikanger sokneprestembete vart eit svært attraktivt embete under det nye kyrkjestyret.

#### 4.3. Utviklinga etter reformasjonen

Leikanger, også kalla Hanehaug, er ein av dei to historiske tettstadane i Leikanger kommune. Hermansverk, dagens sentrum, er den andre. Eit fellesnamn for heile bygda er Systrand.

Leikanger med kaiområdet Hanehaug var det opphavlege sentrum. Seinare har området kring Henjaelvi, frå 1840 kalla Hermansverk, utvikla seg til det som i dag er sentrum i kommunen.

Leikanger og Hermansverk var jamstilte med omsyn til storleik og utvikling på 1800-tallet. Gjestgjevarstad, handel og kaianlegg vart etablert begge stadar. Ferdsel gjekk føre seg langs fjorden. Vegen frå Hermansverk til Sogndal ble opna så seint som i 1936. Statsinstitusjonane låg på rekke og rad langs fjorden mellom Hanehaug og Hermansverk.

Leikanger/Hanehaug var tidlegare sentrum i bygda, og har tradisjonar tilbake til 1700-talet som handels- og poststad, trafikknutepunkt, skysstasjon og gjestgjevarstad. Leikanger Fjord Hotel hadde såleis lange tradisjonar då Gustav Lie kjøpte Olsen hotell i 1920. Vest i fruktbygda ligg Leikanger fruktlager, som tek mot frukt frå Leikanger og Sogndal.

«Det som ikkje veks i Leikanger, veks ikkje i Noreg», vert det sagt. Med ein middeltemperatur på minus 0,8 grader Celsius i januar, pluss 14,8 grader Celsius i juli og årsmiddel på 994 mm nedbør, har Leikanger eit ypparleg klima for varmekjære planter. Det finst sikre spor etter fruktdyrking i området alt frå 1100-talet, men dyrking av frukt for sal vaks ikkje fram før i andre halvdel av 1800-talet.

Frå kaien på Hanehaug har ein god utsikt over kommunen, der gardane strekker seg frå sjøen og opp mot fjellet. Frukthagane ligg opptil 120 meter over havnivået. Den 4 km lange gang- og sykkelvegen mellom Leikanger og Hermansverk er ei fin vandring i det kulturhistoriske landskapet og med utsikt over Sognefjorden. Ein kan også gå langs Strandavegen mellom Hanehaug og Leikanger kyrkje. Her finst mellom anna spor av eit gammalt strandsitjarmiljø.

Hermansverk har i dag overteke det meste av handel og andre viktige fellesfunksjonar.



Figur 4-1. Hermansverk, ukjent årstal. Ukjent kjelde.

Hermansverk – «Herman sitt verk» – fekk rundt 1844 namn etter kjøpmann Herman Brun som då hadde skapt aktivitet i området. Sentrumsområdet mellom Henjaelvi og Njøsaelvi blir også kalla Brungarden. Området vest for Henjaelvi blir kalla Henjasanden og området aust for elva heite Njøsasanden.

På Hermansverk vart det etablert industriverksemd frå 1900 og framover; Saften, Sygna (Ullvarefabrikken) og Silden (Hermetikken). Før Silden kom i drift, var det sagbruk på Hermansverk. I tillegg var det fleire kraftverk langs Henjaelvi.

Kaien framfor Fjordkroa var fram til 1976 terminal for person- og godstransport. Då vart det bygt ny kai for heile bygda på Leikanger/Hanahaug, den vestre tettstaden i kommunen.

På Hermansverk voks det frå tidleg på 1900-talet fram allsidig industriverksemd: sagbruk, sardinfabrikk, Drægni sin syltetøy- og saftfabrikk, trevare- og møbelfabrikk og ullvarefabrikken Sygna 1 km oppover Henjaelva. Den gamle møbelfabrikken i Riverdalen, på austsida av Henjaelva, står i stor


grad uendra frå 1920-talet. Fabrikken og småhusa i området syner Hermansverk si historie som tettstad.

Saft- og syltøyprodusenten Lerum AS i Sogndal hadde aktivitet i Drægni AS sitt bygg til 1998. Då var det slutt på ein 100-årig industriperiode på Hermansverk.

I «Saften», den om- og påbygde saft- og syltetøfabrikken, finn vi redaksjonen til fylket si nest største avis, Sogn Avis i tillegg til, Balder bryggeri, fleire butikkar, kultursal og idrettshall. I «Gamlehotellet» like ved ligg forlaget Skald. Sognefjord Hotel på Nokkaneset er ei vidareføring av ein lang hotell- og gjestgivartradisjon på Hermansverk.

Statsinstitusjonane vart flytt frå området ved kyrkja til Hermansverk. Handelsverksemda på Hanehaug vart nedlagt. Dette førte til vekst på Hermansverk på kostnad av Leikanger. Kaianlegget på Hermansverk vart nedlagt og kommunen bygde ny kai på Hanehaug. Ferdsla gjekk over til biltrafikk langs riksvegen og førte til lite trafikk på fjorden. Rutebåtar har framleis anløp på Hanehaug.

Leikanger er ei bygd prega av kulturpåverka landskap, med oppdyrka lier og med gardane konsentrert i rekketun og klyngetun. Sentrumsbebyggelsen ligg langs fjorden, medan største delen av den nye bustadbebyggelsen, som er knytt til bustadfelt, ligg i overkant av den dyrka marka. I tillegg ligg dei første bustadfeltene på den gamle prestegardsjorda på Leikanger. Hovudvegen følger fjorden, mens vegane fram til gardar/grender og bustadfelt svingar seg oppover dei bratte liene. Lauvskogen omkransar dyrkamarka og strekker seg opp mot barskogen og utmarksområda i fjellet.



Figur 4-2. Utviklinga frå år 1730 og framover. Illustrasjon frå Sentrumsanalysen. Kjelde: Feste NordØst as.

#### 4.4. Leikanger – fylkeshovudstad i Sogn og Fjordane

Leikanger kommune med vel 2200 innbyggjarar er fylkeshovudstaden i Sogn og Fjordane. Kommunen er administrasjonsstad for det meste av statleg og fylkeskommunal verksemder i fylket. Offentleg forvalting med omlag 1200 arbeidsplassar er den dominante sysselsettinga i kommunen. Leikanger er den einaste mindre tettstaden i Noreg som er vertskommune for dei fylkesdekkande administrative tenestene.

I 1850 kom sorenskrivar til Leikanger. Sorenskrivaren for Ytre Sogn heldt til i Leikanger fram til 1971 då embetet vart flytt til Høyanger. Bak sorenskrivargarden står Skrivareiki, Futaeki, Hallandseiki eller berre Eiki, treet som er det store landemerket på Systrond. Eiki kan vera ein stad mellom 200 og 400 år.

I 1862 kom amtmannen, seinare kalla fylkesmannen, til bygda. Han hadde kontor i eit eige hus på fylkesmannsgarden, det første «Tinghuset». Huset er i dag restaurert som museum, kalla Amtskontoret. Snart etter kom amtsingeniøren, den seinare vegsjefen. Frå midten av 1930-talet som så ei rekke andre statlege etatar, mellom anna skatteinspektøren, skattefuten, fylkesrevisor og bilsakkunnige. Leikanger vart fylkeshovudstaden i Sogn og Fjordane. Det vart fort mangel på kontorplassar og det første Tinghuset vart reist i 1939. Seinare er det bygt nye administrasjonsbygg omlag kvart 8 år fram til i dag.

Dei offentlege administrasjonane med alle sine tilsette har gjeve Leikanger ein spesiell rolle i Sogn og Fjordane fylke si historie. Sogn og Fjordane er det einaste fylket i landet der sentraladministrasjonen er lokalisert til ei mindre bygd. Røynslene har synt at det har vore særslig vellukka.

Omfanget har auka jamt frå 1850 då sorenskrivaren slo seg ned her. Amtmannen, frå 1919 kalla fylkesmannen, kom i 1862. Det første moderne kontorbygget vart ferdig i 1939. Seinare er det bygt fleire kontorbygg i området ved kyrkja og på Hermansverk.

Langs fjorden på Systrand, med tettstadane Leikanger/Hanehaug og Hermansverk, ligg embetsmannsbustadane til fylkesmannen, politimestaren, sorenskrivaren og presten. Litt opp frå fjorden ligg vegsjefen sin tidlegare embetsbustad. Embetsmennene busette seg på Leikanger utetter på 1800-talet. Her fann dei høvelege gardar i eit godt klima nær fjorden som på den tida var den viktigaste transportåra.

Leikanger har mange gode kvalitetar og særtrekk som bør takast vare på og forsterkast. Dette gjeld spesielt kulturlandskapet og det kulturhistoriske jordbrukslandskapet, med gardsbusetnaden i rekketun og klyngetun, i dei bratte liene med frukttrær og beitemark for sau. Kulturlandskapet nær fjorden og elvene er også viktig å oppretthalde, med Sognefjorden som golvet i det store kulturhistoriske landskapsrommet. Kulturminna knytt til eldre og yngre offentlege bygningar (statsinstitusjonar) er eit særtrekk ved Leikanger. Leikanger er i ein spesiell situasjon med alle dei offentlege institusjonane. Leikanger er den einaste bygda som har dei fylkesomfattande offentlege institusjonane. Det er difor kulturhistorisk viktig å ta vare på kulturminna knytt til Leikanger som administrasjonssenter i fylket, og i dette vernearbeidet har Leikanger kommune eit særleg ansvar. Eit første steg er samarbeidet med offentlege institusjonar om restaureringa av Amtskontoret på Fylkesmannsgarden, det første administrasjonsbygget i Leikanger.

Frå 1935 vart det ein sterkt auke i talet på offentlege arbeidsplassar, noko som sidan har sett sterkt preg på bygda.

#### 4.5. Fruktbygda Leikanger

Fruktdyrking har vore ei stor næring i Leikanger. Leikanger har ein eplekvist i kommunevåpenet, ikkje utan grunn. Leikanger er den fremste fruktbygda i Sogn med stort fruktlag og forskingsstasjon for frukt og bær.

Den første kjende omtalen av fruktdyrking i Sogn stammar frå Vik, der det vert skrive at det ligg ein «aldinshage» - dvs. eplehage - ved elva Hopra. Dansken Appolonius Liljedahl lærte sogningane podingsteknikken på slutten av 1700-talet.

Epledyrkinga var i mange hundre år gjort for eige hushald på garden. Først i siste halvdel av 1700-talet finn ein opplysningar om at frukt frå Sogn i noko omfang vart selt til Bergen.

Men det er tydeleg at sogningar med spesiell interesse for fruktavl hadde kontakt med utlandet lenge før den tid for å skaffe seg nye sortar til hagane sine. Mange dyrka så mykje at dei kunne betale dei årlege skattane sine i form av eple og kirsebær. Slik skriv biskop Erik Pontoppidan midt på 1700-talet.

Den første som planta ein større frukthage i Leikanger var prost Niels Normann som var prest frå 1816 til 1822.

Frå byrjinga av 1800-talet er det tydleg at fruktdyrkinga i Leikanger tok seg sterkt opp. Frå 1870-talet vart fruktdyrking hovudinntekta på mange gardsbruk i midtre og indre Sogn.

I 1900 var dåverande Leikanger kommune (inkludert Fresvik og Feios) den største fruktkommunen i Sogn med 11.508 frukttrær. I 1939 var dette talet auka til 36.000. Leikanger hadde samstundes det klårt største talet på fruktsortar i heile Sogn.

Halvard Drægni starta saftproduksjon i heimbygda Skjolden i 1900. Då han i 1920 flytta til Hermansverk og bygde stor konservesfabrikk der, gav fabrikken ein mektig stimulans til auka bær- og fruktdyrking i Sogn.

I 1919 løyvde Staten midlar til innkjøp av ein høveleg Vestlandsgard der ein kunne drive forsking og utvikling av fruktsortar. Resultatet vart Forsøksgarden på Njøs som dreiv forsking og utvikling av nye frukt og bærsortar, og har gjort viktige framsteg i utvikling av meir intensive dyrkingsmetodar og lagringsmetodar for frukt. Drifta er no ført vidare av Njøs næringsutvikling.



Figur 4-3. Forsøksgarden på Njøs. I dag Njøs næringsutvikling. Foto: Kjell Arne Valvik.

I 1932 organiserte styraren for forsøksgarden på Njøs, Erling Kvåle, den første fruktransporten med lastebil frå Sogn til Oslo. Men lastebilane før krigen var små og vegane skrøpelege. Det var berre med naud og neppe at Kvåle kom seg opp dei bratte bakkane i Lærdalsdalen med fruktlasta.

Det var først då Sognefjellsvegen opna i 1938 at det vart meir fart på fruktkøyringa. Nokre av pionérane i denne trafikken, som mest gjekk til Trondheim og Møre, var lastebilsjåførane Jens Liljedahl og Odd Eggum frå Leikanger.

Leikanger fruktlagar vart bygt i 1960 og er seinare utvida i fleire byggesteg. Lageret er viktig for lagring, sortering og levering til marknaden.

I fleire hagar kringom i Sogn planta kristenfolket såkalla «misjonstre». Inntekta frå avlinga skulle gå til misjonsarbeidet. Frå den ihuga misjonsmannen John Olsson Husabø (1843-1922) sitt misjonstre på Kroka-garden vart det i 1887 hausta tre skjepper eple som vart selde for kr. 1,95.

Dei fleste større fruktbygdene i Sogn har sine lokale eple med eigne namn. På Leikanger har det vore fleire sortar.

Frå slutten av 1990-talet og framover vart det arbeidd for å byggje opp eit «Norsk Fruktmuseum» i fruktkommunen Leikanger - utan at det gav konkrete resultat. I siste halvdel av 1900-talet er fruktproduksjonen betydeleg redusert i Leikanger. Dette er no i ferd med å snu og vi registrerer store areal med nyplantingar etter nye metodar og med nye sortar.

#### 4.6. Leikanger som industristad

Jordbruk og etter kvart ulike handverkarar, var lenge den mest einerådane sysselsettinga på Leikanger. Frå 1870 – 1880-åra vart fruktdyrking ei viktig næring. Den tok god fart etter

århundeskiftet. Frå 1915 og utover kom det mange industriarbeidsplassar med Sygna Ullvarefabrikk, sardinhermetikkfabrikkar og saft- og syltetøyfabrikk.

## 4.7. Det moderne Leikanger

Fram til 1849 var Balestrand ein del av Leikanger kommune. I 1964 vart området frå Kvinna til Hella lagt til Leikanger. I 1994 vart bygdelaga Feios og Fresvik lagt til Vik. Frønningen vart lagt til Lærdal og Tingstad på Kaupangerhalvøya vart lagt til Sogndal. Slik vart Leikanger kommune eit oversiktleg og samanhengande areal frå Hella til Fatlaelvi med eit stort bakanforliggende fjellareal.

### 4.7.1. Utviklinga på Hermansverk etter 1964

Til liks med mange andre sentrumssstader er den mest dominerande endringa knytt til overgangen frå landbruk til sentrumsfunksjonar og andre næringar.

Kulturlandskapet er i endring, og det er særleg det sentrumsnære kulturlandskapet som har vore under sterkt press. Det var mykje frukthagar med store frukttrær i bygda på 1960-talet. I dag ser vi ei attgroing i kulturlandskapet med framvekst av lauvtre. Vi ser at fruktdyrkinga er mykje mindre dominerande i landskapet, der ein har gått frå store til mindre tre. På Røysa og Njøs er det store felt med dyrking av bringebær i tunnelar, noko som gjer bygda til ei dominerande bringebærbygd. Klyngetunet på Henja ligg framleis med tunstruktur og tilhøyrande jordbrukslandskap i stor grad i hevd. Men også her er det begynnande gjengroing innanfor delar av kulturlandskapet.

Landskapet er i dag i større grad dominert av bustader og administrasjonsbygg. Strandlinia er teken meir i bruk til bustader, og i sentrum til administrasjonsbygg og næringsverksemnd.

Leikanger kommune har satsa på å utvikle Hermansverk som sentrumsområde i kommunen, med Saften og sentrumspllassen som dei viktigaste elementa. I sentrum finn vi mellom anna fylkeshuset frå 1990 og NAV-bygget (Årskog-bygget) som vart utbygd i fleire omgangar. Vegkontoret med Regionvegsjefen vart bygt ut i fleire omgangar frå midt på 70-talet. Sparebanken sitt bygg frå 1980-talet romma i nokre år Sogn politikammer. Statens Hus, med fylkesmannen og andre statlege kontor, vart bygd i 2005.

Hovudstrukturen på vegane er framleis slik den var på 60-talet. I øvre og sentrumsnære deler av bygda er store areal nytta til bustadar, og idrettsanlegget er vidare utbygd knytt til Leikanger Barneskule. Skulen er bygd i to omgangar; tidleg på 80-talet og 90-talet.

Sjukeheimen på Ohnstadhaugen var bygd på Skakkgarden tidleg på 2000-talet. Vegen til Dalen er lagt om, og skytebane er bygd i Eivaldgjerdet. Marin Harvest, no Osland Havbruk, har etablert seg med settefiskanlegg i Riverdalen. Knausen pensjonat er utvida og vorte til Sognefjord Hotel.

Som teikn på velstandsutviklinga er det bygd stor båthamn i to omgangar. Første utbygginga (vestre hamn) kom på 80-talet, og austre hamn samstundes med utbygginga av Fatlatunnelen som opna i 2008.



Figur 4-4. Flyfoto 2010. Kartverket.



Figur 4-5. Flyfoto 1964. Kartverket.

## 5. PLANFORSLAGET

I arbeidet med kulturminneplanen er kunnskapsgrunnlaget supplert med registreringar av dei ulike temagruppene, og registreringane spenner frå fjorden og opp i høgfjellet. Dette har gitt eit meir dekkande bilet av dei lokalhistoriske tilhøva i kommunen. Vi vil presisere at registreringane er ei supplering til det eksisterande kjeldegrunnlaget. Registreringarbeidet er ikkje ferdigstilt i samband med utarbeiding av denne planen. Dette arbeidet vil halde fram også etter at planen er vedteken, slik at kunnskapsgrunnlaget ved seinare rulleringar av planen kan supplerast. Vidare registreringsarbeid ligg inne i handlingsdelen.


## **5.1. Prioriterte kulturminne og kulturmiljø i Leikanger kommune**

Prioriteringane i planen er gjort av dei ulike registreringsgruppene, der leiarane i gruppene har samanfatta desse prioriteringane. Prioriteringane har vore til vurdering i arbeidsmøte i prosjektgruppa i kommunen som har kome med nokon suppleringar.

I kulturminneplanen er dei viktigaste trekka i Leikanger si kulturhistorie skildra ut i frå tema og tidsperiode. Eit oversyn over registrerte kulturminne, både frå førhistorisk tid og nyare tid, ligg vedlagt planen. Dei registrerte kulturminna er vist med omsynssoner i plankartet samt føresegner og retningslinjer.

Med utgangspunkt i dei registrerte kulturminneverdiane har Leikanger kommune gjort ei prioritering av kulturminne og kulturmiljø. Dei prioriterte kulturminneverdiane er delt inn i følgjande overordna tema; bygda /grender /gardar, fjell og utmark samt fjorden.

## 5.2. Bygda / grender / gardar



Figur 5-1: Illustrasjon viser lokalitetane til aktuelle kulturminne / kulturmiljø. Kartillustrasjon: Asplan Viak AS.

### 5.2.1. Førhistoriske kulturminne (automatisk freda)

#### Grinde (H570\_30 / R\_5 / R\_14)

På Skipahaug ligg to store gravrøyser frå bronsealder - jernalder. Lengst sør på Grinde, på to markerte kollar fram på kanten med vidt utsyn over Sognefjorden ligg to store gravrøyser frå bronsealderen. Dette er melom dei største gravrøysene i fylket. Dette er Skipshaugurdi, som er 16 m i tverrmål og godt 1 m høg. Ho er bygd av kanta steinar/blokker. Gravrøysa er klårt markert og syner godt i terrenget. I midten av røysa er det eit krater, 3,5 m vidt og ca. 1 m djupt. Det veks noko lauvskog og einer rundt kantane av røysa. Den andre gravrøysa lenger mot aust er større. Denne røysa vert kalla Ingridsurdi, og er kring 27 m i tverrmål og 3-4 m høg. Ho er klårt markert og godt synleg, men mykje Stein (40-50 kjerrelass) er fjerna i nord under bygging av Grindevegen. Også denne røysa er bygd av kanta steinar/blokker. Det er ei tørr røys, men ho er noko mosegrodd. I midtpartiet er det eit krater, 6-7 m i diameter og 1-1,5 m djupt.




Figur 5-2. Gravrøys på Grinde, Ingridsurdi, med utsyn over Sognefjorden. Foto: Kjell Arne Valvik.

Nord for dei to røysene framme på kanten ligg Haugsurdi. Denne røysa er kring 12 m i tverrmål og 1-2 m høg. Ho verkar høgare fordi ho ligg på ein knaus. Elles er ho relativt godt markert og godt synleg i terrenget.

#### Skålropfelt – Kjerringmyr (H570\_29 / R\_114)

På stølen til garden Foss er det funne eit større felt med bergkunst, fordelt på tre felt med mange offergroper. I det største feltet er det talt over 125 slike groper. Kulturmiljøet omfattar bergkunstlokaliteten og myra med stølsveg. Ein går ut frå at slike groper vart nytta til ulike ofringar heilt sidan bronsealderen. Det er kjent ei rad skålropsteinar knytt til stølane og stølsvegane i Leikangerfjella. Nede i bygda skal det ha vore offerstienar både på Kvålen og på Hamre. På garden Hamre fanst det tidlegare to store, flate steinar med nokre groper i.



Figur 5-3. Grapristsningar på Kjerringmyri under Fosshagen. Foto: Bergen museum v/Per Fett.

#### Eggja – gravhaug og kleberbrot (H570\_28 / R\_16 / R\_41)

På Fosshagen, Fosse og Eggja ligg det fleire gravrøyser frå jernalder. Røysa som vert kalla Gipshaug, ligg på høgste punktet på Eggja, på eit svaberg ut mot bakkekanten i enden av ei flat eng, kring 125 m sør for tunet. Frå gravrøysa er det vidt utsyn over Sognefjorden og inn mot Hermansverk i aust. Røysa er kring 14 m i tverrmål og ca. 2 m høg, og syner godt i terrenget.



Figur 5-4. Gipshaug på Eggum med vidt utsyn over Sognefjorden. Gravrøysa er godt synleg i horisonten frå Hermansverk sentrum. Foto: Marit Anita Skrede.

Vel 200 meter aust for Gipshaug ligg eit kleberbrot frå jernalder-mellomalder. Det ligg i ein heller under ein nordvest-søraust gåande hammar. Fremst i helleren er det kulturlag. Inne i helleren er det fleire merke etter gryter som er blitt hogde ut av berget.

#### Husabø/Baldershagen (H570\_21)

Baldershagen i verket «Fridtjofs saga» frå 1820-talet, som byggjer på islandsk sagalitteratur, kan ha lege i Husabø. Hovudpersonen er vikinghelten Fridtjov den frøkne (djerve). Forfattaren, svensken Esaias Tegnér, skildra Fridtjov som den arketypiske helten, men likevel som reint menneskeleg. «Din like finst ikkje i Noreg», seier kong Ring på Ringerike om Fridtjov og gir han støtte til å erobra Sogn og

Hordaland. I Baldershagen finn Fridtjov sin store kjærleik – kongsdottera Ingebjørg. Men faren, kong Bele har lova henne bort og det vart ein lang veg før dei fekk kvarandre.

Fridtjov den frøkne vart gjort udøyelag i Tegnér sitt verk frå 1820-talet, som var ein gigantisk salssuksess. I 1913 fekk den tyske keisaren, Vilhelm II, reist ei statue av vikinghelten i bronse på Vangsnes.

Sagaen om Fridtjov, som Tegnér bygde verket sitt på, vart nedskrivne på Island på 1300-talet. Handlinga i sagaen er lagd til Sogn på 700-talet. Men kva er historie og kva er dikting?

Det er i alle fall sannsynleg at Baldershagen i sagaen låg i Husabø, der bekken Baldersgrovi renn ned mot fjorden og landets høgste bautastein (7,8 meter) står som eit synleg teikn på at Husabø var tilhaldsstad for storfolk. Men ingen veit kven steinen er reist over – og ingen veit akkurat kor kongsdottera i sagaen faktisk budde dersom ho ein gong fanst.

Baldersteinen, òg kalla Fritjofsteinen, er ein bautastein som er plassert i Baldershagen på Husabø i Leikanger. Denne bautaen skal vere den største i sitt slag i landet, og er 7,8 meter høg og 1,25 meter brei. Ein reknar med at steinen er frå åra 500-800 e. Kr., og at han har stått på eller attmed ein gravhaug som seinare vart øydelagd ved dyrking, men det er i røynda ikkje lett å tidfeste bautasteinar som ikkje har innskrift eller anna som ein kan halde seg til. Ein antek at 1/3 del av steinen står nede i bakken. Baldersteinen er eit automatisk freda kulturminne.



Figur 5-5. Baldersteinen, òg kalla Fritjofsteinen, skal vere den største i sitt slag i landet og står i Baldershagen på Husabø. Foto: Kjell Arne Valvik.

På den gamle kongsgarden i Husabø står Baldersteinen. I tillegg til denne ligg det ein bautastein i Hårfagreparken som vart funnen i samband med utgravingar av gravminne i Husabø. Fleire av gravminna som er undersøkt på Husabø har vore markerte med bautasteinar. Dette syner at det alt i tidleg jernalder har vore samla politisk og økonomisk makt på garden.

Dei førhistoriske kulturminna; Baldersteinen, det store gravfeltet som vart avdekkja under utgravingane for gravplass og utviding av gartneriet, samt sterke tradisjonar og segner, viser at denne staden har vore ein sentral og viktig stad i førhistorisk tid på Leikanger.

Dei skriftlege mellomalderkjeldene kan tyde på at Harald Hårfagre, konge i Norge, voks opp på den gamle kongsgarden i Husabø. Morfaren Harald Gullskjegg var då konge i Sogn, og Harald arva riket etter han. Med utgangspunkt i Sogn starta Harald Hårfagre samlinga av Noreg. Harald Hårfagre levde frå om lag år 850 til 930. Etter slaget i Hafrsfjord i år 872 vart Harald Hårfagre einkonge. I meir enn 400 år rådde kongar av Hårfagreætta i landet.

Som kulturmiljø og kulturlandskap har Baldershagen eit heilskapleg preg, med særsvardifulle kulturminne frå både førhistorisk tid og nyare tid.

### **Henjahaugane (H730\_8)**

Garden Henjum har vore mellom dei største gardane på Vestlandet. Skriftlege kjelder fortel oss at Henjum var ein storgard i mellomalderen og seinare. Eiga kyrkja i mellomalderen vitnar om kor mektig garden var. Klyngetunstrukturen på garden er enno intakt. Henjum og nabogarden Røysum var mektige også i jernalderen.



Figur 5-6. Vegetasjonsrydding av gravfeltet på Henjahaugane hausten 2018. Foto: Leikanger kommune.

Gravfeltet Henjahaugane med minst 10 gravhaugar ligg ovanfor klyngetunet. Fire av desse ligg svært synleg framme på kanten. Dei har eit sokk i toppen, noko som viser at dei har vore plyndra. Arkeologar har ikkje undersøkt Henjahaugane. Truleg har gravfeltet vore større, og kan ha strekt seg både nord- og austover. Lenger aust ligg ei stor grav som kan ha vore del av det same gravfeltet. Nord for Henjahaugane er det også funne restar av ei grav. I denne vart det funne eit hestebissel, sverd og skiferbryne. Alle dei kjende gravene frå Henjum er truleg frå jernalderen.

Teigane til gardane Henjum og Røysum ligg om einannan. Dette tyder på at dei ein gong var ein gard som seinare vart delt. Også på Røysum er det mange kjende gravminne frå jernalderen. Ein del av desse er arkeologisk undersøkt. Undersøkingane viste at gravene var rikt utstyrt, og fleire av dei er rike kvinnegraver frå folkevandringstida (400-550 e.Kr). Dette kan forklarast med at Henjum og Røysum har fått rikdomen sin frå omfattande stølsdrift i eldre jernalder. Dette var ein aktivitet som for ei stor grad var styrt av kvinner. Oppe i fjellet, knytt til gardane Henjum og Røysum, ligg eit av dei største tufteanlegga frå jernalderen i Norge.

### 5.2.2. Kyrkjer og kyrkjegardar

I tillegg til steinkyrkja på Leikanger, som i dag er soknekyrkje, låg det i mellomalderen tre andre kyrkjer i bygda – på Njøs, Henjum og Hamre. Hamre og Henjum var stavkyrkjer, medan kyrkja på Njøs var i stein.



Figur 5-7. Leikanger kyrkje, sørfasaden. Foto: Norges kirker.

#### Leikanger kyrkje, prestegarden og klokkgarden (H730\_11/R\_84922/R\_87364 og H570\_17)

Leikanger kyrkje er ei langkyrkje i stein frå kring 1250. Kyrkja var hovudkyrkje i midtre Sogn i mellomalderen. Som fleire andre vestlandskyrkjer vart ho reist med rektangulært grunnplan, opphavleg utan eige kor-tilbygg. Dagens kor og kyrkjerommet er knytte saman med ein tverrgåande bjelke med ein kopi av eit mellomalderkrusifiks. Originalen er på Bergen Museum. Altertavla er frå 1600-talet.

Dei gamle murane er om lag 1,4 m tjukke. Tårnet frå 1800-talet vart i 1955 erstatta med eit tårn i 1600-talsform. Leikanger kyrkje er eit uvanleg harmonisk kyrkjebygg som vart restaurert 1872 og i to omgangar etter 1930. Kyrkja har vernestatus automatisk freda (før 1650). Arkitekt: Chr. Christie (1872)/Johan Lindstrøm (restaur.).

Langs Sognefjorden er det bevart fem steinkyrkjer. Dei andre fire finn ein i kommunane Vik, Balestrand, Luster og Aurland.

I tillegg til Leikanger kyrkje var det i mellomalderen tre andre kyrkjer i bygda: stavkyrkjer i grendene Hamre og Henjum og ei steinkyrkje på Njøs.

Leikanger var tidlegare eit omfattande prestegjeld. Kyrkjene i Fjærland i Sogndal kommune, på Tjugum i Balestrand kommune og på Vangsnes i Vik kommune låg under Leikanger til 1849. Kyrkjene i Fresvik og Feios på sørsida av Sognefjorden var òg ein del av prestegjeldet fram til 1999.

Namnet Leikanger kjem frå norrønt, og ber truleg bod om at staden vart brukt til kappestrid (*leikr*). Området ved kyrkja har etter kvart gjeve namn til kommunen og den eine tettstaden.



Figur 5-8. Leikanger kyrkje, prestegarden og klokkgarden. Foto: Håvard Nesbø.

Inntil Leikanger kyrkje ligg prestegarden med den uvanleg grøderike prestegardshagen. Det er ein sjeldan vakker botanisk hage med 5 velhaldne freda bygningar og fleire eksotiske planteslag. Mange av trea og vekstane i hagen høyrer til på langt sørlegare breiddegrader. Tresorten *Libocedrus decurrens* frå det vestlege Nord-Amerika er rekna som den sjeldnaste og mest spesielle i prestegardshagen, med få eksemplar i Noreg. Mammuttreeet (*Sequoiadendron giganteum*) er 160 år gammalt og meir enn 21 meter høgt. Treet er det største i sitt slag i Noreg. Det kan bli langt over 2000 år gammalt.



Figur 5-9. Leikanger prestegard og hageanlegg. Eldhus og drengestove til høgre. Kjelde: Sognafoto.

Leikanger prestegard med hovudbygning (eksteriør), borgstove, eldhus, stabbur og vedskjul (eksteriør) vart frede ved vedtak i 1991. Klokkgarden må sjåast som del av prestegardsanlegget. Klokkgarden, på oppsida av vegen, var tidlegare godseigarbustad på Hauglum i Fresvik. Det vart flytt til Klokkgarden på Halland i 1837, og oppsett der til klokkarbustad og skulehus for den faste skulen på Systrand. I dag er huset bygd på, og det er skifta vindauge og tak. Interiøret er også endra. Huset har i dag funksjon som kyrkjelydshus.

Vest for ungdomsskulen, på den gamle kornåkeren til prestegarden, kom "Korea" i 1951 - det første byggjefeltet i Leikanger.

Leikanger kyrkje frå mellomalderen og Leikanger prestegrad er kvar for seg vurdert til å vere av dei viktigaste og mest verdifulle kulturminna i kommunen. Samla utgjer dei eit kulturmiljø med særstak kulturhistorisk verdi. Klokkargarden ligg i tilknyting til Leikanger kyrkje og prestegarden, og er med på å styrke det samla kulturmiljøet. Funksjonen det også har hatt som skulehus aukar identitetsverdien og gjer det til eit viktig kulturminne i bygda.

### Njøs kyrkjestad (H730\_2 /R\_85137)

På Njøs har ein datert beinrestar frå kyrkjegarden til før 1100, og kyrkjemuren kom til syne ved pløyning i 1993. Njøskyrkja er nemnt i skriftlege kjelder frå 1306, og på ei flate ved Byglagarden. På Stoppelshaugen like ved stod klokkestøpulen (Stoppelen). Njøskyrkja hadde eigen prest som truleg også gjorde teneste i kyrkja på Henjum. Kyrkja på Njøs kom ut av bruk i første halvdel av 1600-talet.

Kyrkjeruinane er avmerkt på utskiftingkart frå 1876. Øvre og Nedre Njøs er omtalt i Bergens Kalvskinn (BK 44b/45a). Gardane har truleg vorte delt allereie i mellomalderen. Avstanden frå kyrkjestaden til gamlevegen, eller sjøvegen er om lag 100 m mot sør.

Eldste omtale av kyrkja er i 1322-23, men prest er nemnt allereie i 1306. Ruinane av steinkyrkja sto framleis i 1833 og også i 1881, men dei siste restane vart truleg rivne i 1883. Kyrkja hadde rektangulært grunnplan på ca. 8 x 12 m. Det var brukt kleberkvader i veggopningane. Kyrkja var omgitt av ein liten gravplass. Det ser ut til kyrkjegarden ha vore avgrensa av ein mur. Det er ved fleire høve funne skjelettrestar i dette området. Radiologiske dateringar av skjelettmaterialen frå kyrkjegarden viser at denne har vore i bruk seinast på slutten av 1000-talet. Nærare fjorden låg ein større kyrkjegard (ved Nokkaneset), der folka frå Fresvik skal ha gravlagt sine døde sjølv om dei hadde kyrkje i si eiga bygd. Denne kyrkjegarden viser også på utskiftingkartet frå 1876. I 1470-80 går det tydeleg fram av eit blad av ei jordebok for bispedømmet at kyrkja då var utan eigen prest, i og med at Fredrik på Halland (Leikanger kyrkjestadsgard) då hadde hatt tiandekauptet av Njøs sokn i fleire år. Av same kjelde går det fram at dei skyldpartar i kyrkjestadsgarden som låg til bispestolen i første halvdel av 1300-talet framleis låg der 150 år seinare. Kyrkja er ikkje ført på katedratikumslista frå ca. 1600, men den låg på den tida som anneks til Leikanger hovudkyrkje.

I løa til Endre Gjerde ligg ein stokk der det er skore inn "Ano 1194". Bestefaren hans fortel at då kyrkja på Njøs vart riven vart materialet fordelt på bøndene.

### Hamre kyrkjestad (H730\_28 /R\_84477)

På Hamre har det stått kyrkje i mellomalderen. Det er i dag ikkje synlege spor etter kyrkja, men plassen der kyrkja skal ha stått er registrert som kyrkjestad frå mellomalderen. Den eldste og einaste omtala av kyrkja er frå før 1340 (kirkian a Hamre/Hamre kirku) i Bergens Kalvskinn. Bendixen fra Bergen Museum skildrar kyrkjestaden i 1903 slik: "*Hamars kirketomt laa paa et flat nes lige nedenfor husene paa Indre Hamre og skal ha omfattet omtr. ½ mæle jord. Staar man oppe ved veien, kand man skjelne pladsen nedenfor paa grund af den skarpere, mer skrinnede jord, men størrelsen kan ikke maales. Fra kirken var taget tømmer til husbygningerne og 2 gangjern af den sædvanlige form med de oprullede sidegrene*".

Ut frå tradisjonen på garden skal kyrkja ha stått på gnr 10/7 Indre Hamre, på ei flate ned mot fjorden i nedkant av gamletunet. Så seint som rundt midten av 1900-talet var kyrketufta framleis synleg, og tidlig på 1800-talet fantes steinar i området som skal ha avgrensa gravplassen rundt kyrkja. Hamre er nabogard i vest til kyrkjestadsgarden Leikanger. Hamrekirken kom ut av bruk i siste halvdel av 1500-talet.

Kyrkja har stått på innmark om lag 50 m v for gamletunet på Indre Hamre og aust for gamletunet på Ytre Hamre gnr 9/1, om lag 10 m.o.h. Kyrkjestaden ligg sør for husa i svakt hellande terreng og skal

ha omfatta både gnr 9 og 10. I følgje utskiftingskart fra 1875 gjekk gamlevegen gjennom begge tunområda, 50-70 m nord for kyrkjestaden.

### **Henjum kyrkjestad (H730\_26/R\_84549 og H570\_9)**

Kyrkja skal ha stått på innmark i den sørlege delen av klyngetunet på garden. I følgje Bendixen kunne ein i hans tid påvise tomta for kyrkja, ovanfor ei løe på garden. På tomta er det i dag bygd ein ny låve. Kyrkja har slik sett stått på ei flate mellom våningshuset og låven i sør. Det er vidt utsyn over bygda og fjorden. I følgje utskiftingskart fra 1864/65 har gamlevegen gått gjennom tunområdet og passert rett bak låven. Eldste omtale av kyrkja er fra før 1340 (kirkian a Hemymum, BK 48a). «I dette Henjumtunet (med over 100 bygningar ved utskiftinga i 1864-65) stod den gamle Henjumkyrkja».


Kyrkja, som truleg var ei stavkyrkje, stod på gnr. 17 Henjum, bnr. 24 – Palnegarden – som det heiter i dagleg tale. Staden der kyrkja og kyrkjegarden låg, kan enno påvisast. Kyrkjegarden kallast staden den dag i dag. I området er det ved fleire høve funne skjelettrestar, og staden er delvis undersøkt arkeologisk. "Kirken laa høit, ude mod randen af en flade, paa gaarden Henjum. Da der blev ryddet tomt til en lade, fandt man 2-3 hjerneskaller og andre menneskeben". Bygningsrester antyder sterkt at kyrkja var bygd i stavkonstruksjon.

Henjum er nabogard til kyrkjestadsgarden (gnr. 14) Leikanger prestegard mot vest, og mot aust til kyrkjestadsgarden (24) Njøs. Kyrkja vart bestemt lagt ned i 1544. Før ca. 1340 lå det kun fire skyldparter til fabrica og intet til mensa. Samtidig ble det anført at: Kirkian a Hemymum a þessar jarder ok tækr prestr a Nios landskylld af. Til same tid heiter det at Tiund kirkunnar [a Hemymum] er reiknad með tiund kirkunnar a Nios (BK 48a-b). Dette betyr at Njøspresten på dette tidspunkt fekk inntektene av Henjum kirkes fabrica, i alt 23 ½ mmb, samt dennes kirketende. Rimelegvis sto då Henjum utan eigen prest.

### **5.2.3. Kulturhistoriske bygningsmiljø, gardstun og bygningar, geil/gåte, dyrehald og åkerdrift, fruktdyrking, handverktradisjonar**

#### **Matrikkelgardar i Leikanger**

Dei fleste stadane i Noreg er det klåre eigedomsgrenser rundt matrikkelgardar, medan dei ulike brukna kan ha eigedom fleire stadar innan dette området. I eldre tider kunne kvart enkelt bruk ha eit utsal av teigar rundt om innan gardsvaldet. Dette var mellom anna eit resultat av arvedelinga. Enkelte stadar på Vestlandet, og særleg i indre og midtre Sogn, har ikkje alltid kvar gard klåre grenser. Dette særtrekket er situasjonen her i Leikanger, då fleire matrikkelgardar kan ha eigedom om ein annan. Tre av utskiftingskartar viser til utskiftingar mellom fleire gardar. Dei gardane som dette gjeld ser ut til å ha eit sterkt fellesskap innafor større gardsvald. Dette er truleg restar etter gamle forhold, frå tida lenge før utskiftingane som starta rundt midten av 1800-talet.



Figur 5-10: Gardskart. Matrikkelgardar og gardsnummer i Leikanger. Kartillustrasjon: Asplan Viak AS.

### Rud gardstun med kulturlandskapet (H570\_38)

Høgdegard med aktivitet frå fjord til fjell.



Figur 5-11. Høgdegarden Rud. Kjelde: Richard Tallaksen.

### Eitorn gardstun med kulturlandskap (H570\_35)

Gardstun med kulturhistorisk jordbrukslandskap. Husmannsplassen på Kvehaugen.

### **Suppham gardstun med kulturlandskap (H570\_32)**

På garden Suppham står det stove, fjøs, løe, stabbur, vedahus/sauehus, korntørke og naust. Husa skal vere bygde på 1600- og 1700-talet. Bygninga på Suppham kan difor vere eldre enn 1650, og automatisk freda. Garden sal ha vore lensmannsgard rundt 1820-1830 og Gjest Baardsen skal ha hatt fengsel i stovebygningen.

Husmannsplassen Fjellheim ligg opp i lia ovanfor garden. Her står det bustadhus, fjøs og stabbur, alle frå siste halvdel av 1800-talet.

Det kulturhistoriske bygningsmiljøet og jordbrukslandskapet har høg verneverdi gjennom høg alder og ved at kvart einskild hus har høg grad av autentisitet. Kulturmiljøet er i tillegg eit typisk og godt døme for sin funksjon. Gardsanlegget er eit særleg godt døme på eit heilskapleg kulturhistorisk gardsmiljø som kan stå som ein typisk representant for ein einbølt gard.

### **Grinde gardstun og kulturlandskap (H570\_30 og H570\_29)**

Kjerneområde Grinde – Engjasete, nasjonalt utvalgt jordbrukslandskap (H570-30). Grindsdalen m/seterområde, nasjonalt og regionalt verdifullt kulturlandskap (H570-29).

Tidleg på 1990-talet vart Grindsdalen utpeika som viktig kulturlandskap i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Garden Grinde var på 1990-talet også med i forskingsrådprosjektet «Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiotisk system». Garden vart undersøkt grundig både arkeologisk, historisk og naturvitenskapleg. I 2009 vart Grinde-Engjasete valt ut som eitt av 22 område i Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Grinde er det best dokumenterte kulturlandskapet i Sogn og Fjordane.



Figur 5-12. Grinde, Engjasete og Grindsdalen/Huksdalen. Huke og Holum på austsida av Grindselvi. Foto: Håvard Nesbø.

Botaniske undersøkingar har vist at Grindsdalen har vore i bruk sidan yngre steinalder. Arkeologiske undersøkingar har avdekkja ei rekkje automatisk freda kulturminne, særleg gamle dyrkingsspor, tufter, kve og geil. Kulturminna spenner i tid attende til bronsealderen.


På Grinde er også kjent store gravrøyser. Alle desse røysene ligg med fritt utsyn over Sognefjorden. Storleiken og lokaliseringa til desse røysene tyder på at dei kan tidfestast til bronsealderen.

Dei arkeologiske undersøkingane tyder på at det var fast busetjing i tunområdet på Grinde seinast frå førromersk jernalder. Faste åkrar førte til klårare inndeling mellom innmark og utmark. Det vart ei intensivering av jordbruket, og dyrkingsareala vart utvida.

Mange spor i landskapet etter tidlegare jordbruk har blitt undersøkt arkeologisk på Grinde. Undersøkingane har gjeve mykje ny kunnskap om jordbruksutviklinga og livet som bøndene på Grinde har levd gjennom ulike tider. Denne type spor er mange stadar i ferd med å forsvinna. Sidan Grinde er valt ut som nasjonalt viktig kulturlandskap, vil desse kjeldene til kunnskap om fortida bli tekne vare på.



Figur 5-13. Det sentrale tunområdet på Grinde. Foto: Håvard Nesbø.



Figur 5-14. Utskiftingskart 1956-48, Grinde.

### **Hamre tunområdet med kulturlandskap (H570\_26 og H570\_27)**

Hamregrenda ligg langs den gamle bygdevegen som gjekk mellom gardane før riksvegen vart bygd i 1937. Sjølv om her har vore utflytting frå tunet kan ein framleis oppleve ei grensd og ei gardseining. Gardane ligg på rekke bortetter bygdevegen og skapar eit verdifullt og tett bygningsmiljø, markert skild frå gardane rundt. Eit fleirtal av husa har kvalitetar som gjer dei verneverdige i seg sjølv. Husa er i stor grad autentiske og representative for si tid. Enkelte hus er seinare blitt bygd på og modernisert, men utan at dette har fått dominere og endre det opphavlege bygningsmiljøet.



Figur 5-15. Rekketunet på Hamre med tilhøyrande kulturhistorisk jordbrukslandskap. Foto: Håvard Nesbø.

I tilknyting bygningsmiljøet frå 1800- og tidleg på 1900-talet i tunområdet på Hamre er det fleire kjende gravminne og bautastein frå jernalderen. Det er kjend gjenstandsfunn frå ein steinalderlokalitet i lia ovanfor tunet (ikkje registrert). Det er også registrert skålgroper (bergkunstlokalitet) i tunet. Hamre var kyrkjested i mellomalderen.



Figur 5-16. Utskiftingskart 1875, Hamre.

### Husabø tunområdet med kulturlandskap (H570\_23 og H570\_27)

Husabøgarden er ein av dei fem eldste gardane på Leikanger. Garden har hatt ein sentral plass i den norske rikssoga. Enkelte historikarar hevdar at Harald Hårfagre budde i Husabø då han starta prosessen med å samle Noreg til eitt rike på slutten av 800-talet.

Harald Gullskjegg, som budde i Husabø, var den mest sentrale kongen i Sogn før landet blei samla til eitt rike. Dottera hans, Ragnhild, vart gift med Halvdan Svarte på Ringerike. Ragnhild og Halvdan fekk sonen Harald. Fleire historikarar meiner dette var rikssamlaren Harald Hårfagre.

Namnet Husabø tyder "bøen med husa", og er truleg eit sekundært namn som kom til i samband med at garden vart veitslegard. Alle gardar i Noreg med namn som Husabø, Husebø eller Huseby var delar av eit gammalt skattesystem som gjekk ut på at kongen og hirden (livvakta og hoffet til kongen) hadde rett til å bu på gardane i periodar.

Desse kongsgardane var lokaliserte slik at dei vart naturlege utgangspunkt for kongen si maktutøving i dei aktuelle delane av landet. Systemet vart bygd opp alt før år 1000. Kongane hadde slike veitslegardar rundt om i dei områda dei rådde over. Dei flytte mellom gardane, som låg ei dagsreise frå kvarandre. Dei som dreiv veitslegardane var pålagde å halda kongefølgjet med mat og drikke.

Då den nye gravplassen i Husabø vart opparbeidd i 1995, avdekte Bergen Museum fleire graver og gravrøyser frå eldre jernalder. To av røysene er rekonstruerte inne på gravplassen.



Figur 5-17. Husabø med tunområde og kulturlandskap. Baldershagen til høgre for gartneriet. I framkant Strandavegen med fleire prioriterte kulturminne (Leikanger Fjord Hotel, tønnefabrikken v/Hårfagreparken, Vangsnes fiskemat og bedehuset). Foto: Håvard Nesbø.

I tunområda på Husabø er det bygningsmiljø knytt til jordbruksbusetnaden attende til 1700-talet. I tillegg til dei viktige førhistoriske kulturminna og det kulturhistoriske landskapet på Husabø har det i Baldershagen vore småbruk og lensmannsgard. Her står våningshus, stabbur, fjøs, dokkehøi og gamlestova er tidfesta til 1820-åra. Dei andre husa er tidfesta til 1880-åra. Husa har høg grad av autentisitet og klare arkitektoniske kvalitetar.



Figur 5-18. Utskiftingskart 1879, Husabø.

### Henjum tunområdet med kulturlandskap (H570\_9 og H570\_10)

Gardstunet Henjum er ein av dei fem eldste gardane på Leikanger med ei interessant kulturhistorie tilbake til førhistorisk tid. Namnet Henjum (norrønt: *Heinvinjar*) er sett saman av *hein* (bryne) og *vin* som tyder beitemark.

Henjum hadde si eiga kyrkje i mellomalderen. På denne tida var garden av dei viktigaste på vestlandet. Framleis er den gamle klyngesamfunnet med røter i mellomalderen, godt synleg, og halden i hevd. Eldre kart syner at det har vore over 100 store og små hus i klyngesamfunnet i tidlegare tider. Tunet på Henjum er eit godt døme på klyngesamfunnet, som var den dominante måten å organisere tunet på over heile Vestlandet fram til andre halvdel av 1800-talet. I dag har tunet til saman om lag 30 bygningar som hører til seks ulike bruk. Blant desse er det hus med høg grav av autentisitet og hus som er representative for området. Andre er hus som er grunnlagt av tilbygg, modernisering og utskifting av vindauge har endra karakter, og som difor i seg sjølv har lågare verneverdi. Likevel er dei delar av heilskapen og historia til klyngesamfunnet. Vi har difor prioritert heile

bygningsmiljøet i klyngetunet som kulturmiljø med særstak kulturhistorisk verdi. I tillegg til sjølve klyngetunet er det kulturhistoriske jordbrukslandskapet som hører til, fra fjorden og opp til utmarka, teke med i prioriteringa. Henjetunet med tilhøyrande jordbrukslandskap er eit særlig viktig sentrumsnært kulturmiljø i Leikanger.




Figur 5-19. Klyngetunet på Henjum lengst oppe i lia, med det kulturhistoriske jordbrukslandskapet ned mot fjorden. Henjahaugane gravfelt i treklynga bak tunet. Fylkesmannsgarden nede ved fjorden til venstre og Ådnegården til høyre. Foto: Kjell Arne Valvik.



Figur 5-20. Henjetunet og det tilhøyrande kulturhistoriske jordbrukslandskapet. Foto: Håvard Nesbø.


Klyngetunet er omkransa av gravhaugar frå eldre og yngre jernalder. Det største bevarte gravfeltet i Leikanger, Henjahaugane, ligg høgt og fritt ovanfor Henjetunet med vidt utsyn over Sognefjorden. I

fjellområda til Henjagardane, i Friksdal, finn vi eitt av landets største tufteanlegg (tufter etter stølsbygningar) frå jernalderen.



Figur 5-21. Registrerte kulturminne knytt til tunområda på Henja og Røysa. Flyfoto 1964 kombinert med kartgrunnlag. Kartillustrasjon: Asplan Viak AS.

I Henjagrenda blei fruktdyrking vanleg rundt år 1900. I ein av dei finn vi gardsrestauranten Henjatunet, med lokal tradisjonsmat som spesialitet.



Figur 5-22. Utskiftingkart frå 1864/65, Henum, Røysum og Holen samt delar av Prestegarden og Hallands innmark.

### Njøs og Gjerde – Nedre Njøs, klyngetun med kulturlandskap (H570-2 og 3)

Njøs er ein av dei fem eldste gardane på Leikanger. Tydinga av namnet Njøs er usikkert. Garden vart delt i Nedre og Øvre Njøs langt bak i tid. Dei gamle klyngetuna, ein gardsstruktur med røter i mellomalderen, låg på Nedre Njøs og Øvre Njøs. På Nedre Njøs ligg framleis klyngetunet intakt. På Øvre Njøs låg klyngetunet der driftsbygningane på Njøs næringsutvikling ligg no. Herifrå er det god utsikt over fjorden og bygda, og det har tidlegare lege mange gravminne frå jernalderen i dette området.

Njøs fekk eiga steinkyrkje før 1250 og hadde eigen prest til ut på 1500-talet. Dei siste kyrkjemurane vart rivne i 1883, men spora etter kyrkja ligg framleis under dyrka mark ved Stoppelshaug.



Figur 5-23. Klyngetunet på Njøs Nedre og kulturhistorisk jordbrukslandskap. Njøs Øvre til høgre. Foto: Marit Anita Skrede.

Staten grunnla Noregs første forsøksgard for fruktdyrking på Njøs i 1920. Her vart det drive forsking på frukt og bær samanhengande fram til 2007, då verksemda vart flytt til Hardanger. Landbruksklyngja Njøs frukt- og bærsenter, Norsk landbruksrådgiving Sogn og Fjordane og Njøs næringsutvikling AS arbeider med sortsutvikling og produksjonsutvikling, feltforsøk og konsulentoppdrag på frukt og bær.



Figur 5-24. Parti frå klyngetunet på Njøs Nedre. Foto: Kjell Arne Valvik.

På Njøs er det gjort samanhengande observasjonar av blomstring i frukt og bær sidan tidleg på 1920-talet. Det er utført meteorologiske observasjonar samanhengande sidan 1929, ein måleserie det knapt finst maken til andre stader.

Av viktige sortar som er utvikla på Njøs kan nemnast bringebæret Veten, jordbæret Glima, eplet Idunn, plomma Edda og pæra Celina.

Grenda og garden Gjerde ligg mellom Njøsaelvi og Henjaelvi. Elvene kjem frå Njøsadalen og Henjadalen. På Gjerde møtest tre vegar, og området er difor kalla *Trisparvollen*. Ein veg går mot aust over Njøs til Nokkaneset, ein går ned Gjertrudbakken til Hermansverk og ein går nordover gjennom Hagane mot bustadområde, gardsbruk, barneskulen, idrettsplassen og ski- og friluftsområdet Kleppa.

Kommunen har rike landbrukstradisjonar med gode vilkår, godt klima og store utmarksområde. Husdyrhaldet var kombinert med frukt- og bærdyrking, der sauehald har lange tradisjonar. I Gjerde ligg ein av dei få gardane i bygda som framleis har både frukt- og bærdyrking og husdyrhald. I eit samarbeid mellom brukarar på Gjerde og forskarmiljøet på Njøs er det utvikla nye dyrkingsetodar for bringebær.

Sygna Ullvarefabrikk frå 1915 hadde mange industriarbeidsplassar fram til den vart nedlagd i 1982. I området er det jordbruk, verkstad og agentur/handel.



Figur 5-25. Utskiftingskart 1876, Njøs, Gjerde og Bakkens innmark.

#### 5.2.4. Husmannsvesenet

##### Husmannsplassar i Leikanger (H570\_38, H570\_35, H570\_32, K\_12, m.fl.)

Dette temaet er delvis dekka under gardstun over, slik som Kvihaugen 1894/1999, Fjellheim og Flete.

Ein husmann bygsla jord eller eigedom hjå ein jordeigar. For dette måtte husmannen svara ein årleg pengesum eller pliktarbeid. Det var to typar «plassar»: med og utan jord. Plassar utan jord var ofte strandsitjarar og strandsitjarmiljøet er godt dokumentert i Henjasanden på Sogn Folkemuseum. Til liks med Henjasanden var det strandsitjarar på Njøsasanden og Husabøsanden. Ættesoga i Leikanger bygdebok har mange døme på strandsitjarar. 446 Ola Arnfinn «Smed» (1736-1814) på Henjasanden, 350 Hans Monsen Osen (1673-1706) på Njøsasanden, 348 Gunnar Lasseson Bakken (1752-1833) som var skomakar på Husabøsanden. Talet på folk i Noreg endra seg stort frå folketeljinga i 1769 (723.000) til folketeljinga i 1865 (1.701.756). Folketeljinga i 1865 registrerte spesielt husmenn som kategori. Det aukande talet på folk og husmenn gjorde at mange utvandra til USA. Frå 1840 til 2002 er det utvandra 822 personar frå Leikanger (medrekna Feios og Fresvik). Tyngda av utvandringa var før 1875. Det utvandra 149 personar frå Njøs (8 husmannsplassar) og 62 personar frå Husabø (11 husmannsplassar). I bygdeboka kan ein lesa at Nils Nilson Kvålen og Unni Nilsdtr. Henjesand utvandra til USA i 1866 og sonen Knut i 1861. Dei flytte frå husmannsplassen Tamburhjellen. Den ledige plassen vart overtaken av Johannes Nilsson Hamre frå Balestrand og Synneva Bendiksdtr. Høgheim frå Fresvik. Dei fekk tre born Nils, Bendik og Brita. Nils bygde seg hus i Berlebakken og Bendik på Bendikbakken. Brita busette seg på Tunshelle i Flom og vart gift med den repekerte arbeidarpartipolitikaren Botolf Tunshelle. Dei tre søskena var fødde og oppvaksne på plass, men skaffa seg sjølve eigde bruk. Frå 1928 fekk husmennene rett til å løysa inn eigedomane sine og talet på plassar minka fort.

Det er få husmannsplassar att sentralt på Leikanger grunna utbygging av vegnett, bustadbygging og utbygging i strandsona. Difor bør ein sjå til utkantane og her er Eitorn i særstilling med plassane Bøen, Lassemuren, Husmannsplassen, Berentane, Kvihaug , Morshola, Trollhaug. Husmannsplassen på Flete som tidlegare var ein plass under Rud er mykje besøkt av turgåarar. Bygningar på Kvihaug står framleis. Husmannsplassen på Flete og Kvihaug bør takast vare på. Ein plass som ikkje er registrert i stadnamnsbasen, er Sanden eller Vesterheimssanden. Denne ligg i startområdet for det nye utgangspunktet for turgåarar i Eitorn. Kanskje er dette ein plass for ei informasjonstavle?

Det er velkjent at husmenn kunne ha lauving som pliktarbeid og det burde framskaffast dokumentasjon om lauving som pliktarbeid. Det vart rekna i tjug (20) og storhundre (120). Bruken av denne rek nemåten er ein del av kulturarven vår som lever vidare i land som Danmark og Frankrike. I Danmark er firs fire ganger tjue (80) og tilsvarande *quatre vingts* i Frankrike.

Husmenn kunne også ha slåttearbeid som pliktarbeid. Søker du i stadnamnbasen finn du ordlyd som tomarkateig, halvteigen og femteigen. Slåttearbeid var pliktarbeid som akkord og ei slåtte på ein dag vart sett til arbeid for ein mark. Halvteigen er halvparten av ein dalar som er tre mark.

Bygdeboka og nettstaden til fylkesarkivet i Sogn og Fjordane er gode verktøy til å lokalisera husmannsplassane. Heftet «*På leit etter lokalhistorie i attgrodde tun i Henjasanden på Systrond*» av Sverre Ås tek opp strandsitjarane på Henjasanden. Leikanger har fleire gode informasjonstavler og det bør utarbeidast ei slik tavle med vekt på lokalisering av plassane, strandsitjarar og utvandringa til USA.

### 5.2.5. Gamle bygdavegar

Av gamle bygdavegar har vi prioritert vegen på Flete og vegen mellom Suppam og Holum.

#### Kulturløype (gamal veg) frå Flete til 17.mai-haugen i Eitorn (H570\_37)

#### Skulevegen på Suppam til Holum (H570\_33)



Figur 5-26. Steinkvelvingsbru på Suphammar. Kjelde: Sognafoto.

Generelt er det mange eldre bygdavegar i Leikanger. Her kan trekkast fram Hamrevegen, Henjavegen, Njøsavegen, Krosshaug og heilt ut til Skrivareiki.

### 5.2.6. Skulehus, skulestellet, skulevegar, butikkar og næringslokale, industriverksemd

#### Skulehuset i Eitorn (H570\_37 /K\_112)

Skulehuset med uthus vart oppsett i 1880 og var i bruk fram til 1956. Skulehuset vart oppsett på garden Vestreim, og då skulen vart nedlagt blei bygningane overdrlege til garden. Uthus var kombinert vedahus og utedo. Utedoen var delt i 3 med læraren sitt i midten og gutane på ei side og jentene på andre sida. I 2006 vart skulehuset og uthuset med tomt overdrege i gave til Eitorn Grendalag, som no har restaurert bygningane. Dette arbeidet vart ferdig i 2008. I tillegg til å vere skulehus var det også forsamlingshus, og det fungerte som bedehus, ungdomshus og grendahus. Det var ikkje lov å ha dans der, men folkeviseleik derimot var det fullt høve til. Skulehuset inngår i kulturhistorisk løype frå Hella til Eitorn.



Figur 5-27. Skulehuset i Eitorn, ferdig restaurert. Foto: Ola A. Vestreheim.

#### **Skulehuset i Holum (K\_44)**

Trass i sterk motstand frå bøndene, vart omgangsskulen avløyst av fastskule i hovudsokna i dåverande Leikanger prestegjeld i 1829. Skulen heldt til i Klokkargarden på Holum (Grinde). Denne garden hadde vore klokkargard heilt sidan starten på 1600-talet. I 1840 hadde skulen fått 40 elevar delt på tre klassar. Dei fekk undervisning tre dagar i veka.

Skulehuset i tidlegare Holum krins omfatta området vest for Hamre og utover mot Eitorn. Huset vart seinare brukt til realskule.



Figur 5-28. Holum skule. Biletet er teke mellom 1910 og 1920 av Olai Fauske.

### Skulehuset i Njøs/Gjerde (K\_14)

I 1861 kjøpte kommunestyret i Leikanger eit hus på Njøs av Niels Jørgensen, Anfind Anfindsen og Tomas Johannessen. Kommunen trengde ei skulestove på grunn av den nye nasjonale forordninga som sa at det skulle byggjast skulestover i landet og i skulekrinsane. Dei var godt i gang med planlegginga av nybygging når dei tre mennene frå Njøs kontakta kommunestyret og ga dei tilbod om å kjøpa huset. Leikanger kommune kravde at huset måtte endrast på så det oppfylde dei byggjetekniske krava, og det godtok dei. Etter denne justeringa skulle huset samsvare med krava som blei stilt til skulestovene på den tida. Lokale snekkarar blei engasjert til å lage inventar. Skulen stod ferdig i 1864.



Figur 5-29. Skulehuset i Gjerde nærest. Tunet i Gjerde lenger bak til høgre. Foto: Kjell Arne Valvik.

Johannes L. Njøs kjøpte skulen i 1901/1902 når krinsen var nedlagt for 620 kroner, og sida den gang har det vore i privat eige.

### Butikken på Grinde (K\_43)

#### Butikkmiljøet og næringslokale på Hanehaug (H570\_24 /H570\_25 /K\_61 /K\_119 /K\_120)

Hanehaug var den opphavlege tettstaden i kommunen. Området vest for kyrkja i Leikanger, og særleg kaiområdet på Hanehaug, var det opphavlege sentrum i Leikanger kommune. Dette var også naustområdet for Husabøgardane.

Hanehaug er området kring kaien i ytre delen av Leikanger. Her vart den første større kaien bygd. Det vart opna vertshus og skjenkestove. På 1700-talet vart det halde rettsmøte i ei tingstove. Etter kvart utvikla det seg ei omfattande handels- og næringsverksemd på kaiområdet og langs stranda innover mot kyrkja, prestegarden og sorenskrivargarden.

Området gav grunnlag for handel, handverkarar, tenester og sørvisnæringer i nærområdet, noko som gjorde Hanehaug til eit komplett lokalsamfunn.

Hanehaug fekk si store forandring i åra 1973- 75. Då vart det sentrale kai-området og mykje av bygningsmassen riven. Det nye dagens Hanehaug steig fram.

På eit forsikringskart over Hanehaug frå 1934 ser vi at det var stor aktivitet og ei mangfaldig næringsliv. Kartet gjev oss eit godt bilet av alle aktivitetane som heldt til på Leikanger i første halvdel av 1930-talet. 17 av det 37 bygningane frå 1934 står framleis på same stad i dag. Men fleire av desse er restaurerte og bygde om.

I tida fram til byrjinga av 1970-åra fann vil eit mangfald av aktivitetar i området frå Hamreneset til kyrkja. Nokre verksemder var i drift til ut på 2000-talet. Og nokre er der framleis. Det er også kome til nokre nye.


Dei første verksemndene var knytt til samferdsle og tilbod til dei reisande. Det kom skysstasjon, vertshus, skjenkestove, butikk og ulike handverkarar starta opp. Hanehaug utvikla seg sterkt utover i første halvdel av 1900-talet. Hotellet kom i 1902 og med det også bakeri. Den eldste delen av hotellet står i dag slik det vart bygt opp etter at hotellet brann i 1928. Hotellet fekk eit moderne tilbygg i 1975.



Figur 5-30. Hanehaug på Leikanger. Foto: Håvard Nesbø.

Sardinfabrikken Sognefjord Sardine Co. A/S kom i 1908, med oppstart i dei tidlegare bygningane til Leikanger Meieri. Fabrikken hadde opphavleg også nokre lokale aksjeeigarar. Fruktdyrking vart viktig og tønnefabrikkar og produksjon av fruktkassar vart ein stor aktivitet.

På Hanehaug kom det etter kvart 2 krambuer, 2 trelasthandlarar, mjølkeutsal, smørlag, trykkeri, avis, kaffistove, post, telegrafstasjon, lensmannskontor, metallverkstad, skomakar, tønnefabrikk, produksjonslokale for kjøttprodukt, frisørsalong, trygdekontor, likningskontor, fiskemat, skreddar, barneheim, bensinstasjon, forsikringsagent, bilverkstad, møbelverkstad og snikkarverkstad.



Figur 5-31. Kart over Hanehaug på Leikanger i 1934. Kart utarbeidd av Forsikrings-Aktieselskapet Vesta, Bergen.

### Tønnefabrikken (K\_31)

Tønnefabrikken/røykeri, Strandheim i Strandavegen var opphavelig ei notabu.

### Vangsnes fiskematfabrikk (K\_30)

### Butikkmiljøet og næringslokale på Hermansverk (K\_3 /K\_15 /K\_17)

Henjasanden og Njøsasanden utgjer det andre og noverande sentrum i kommunen. Dette området, vest og aust for Henjaelvi fekk i 1840-åra namnet Hermansverk. Frå midten av 1700-talet var det både gjestgjevarstad og handel på Henjasanden. På Henjasanden og Njøsasanden stod frå gammalt av båtnausta til gardane på Henja, Røysa, Hola, Dalen, Kvålen, Gjerde, Bakkagarden og Njøs.



Figur 5-32. Hermansverk sentrum. Statens hus frå 2005 lengst til venstre i bildet. Foto: Håvard Nesbø.

Brungarden på Hermansverk (bustadhus, gbnr 22/7 ved Gjertrudbakken) er bygd i 1888 av forretningsmannen Albert Knutsen. Med sin rike dekor er det ein frodig representant for sveitserstilen. Huset har i tillegg stor verdi som kulturminne knytt til framveksten av hendelssenteret på Njøsasanden.



Figur 5-33. Hermansverk sentrum, ca 1888-1925. Husa som framleis står frå denne tida er prioritert i kulturminneplanen. Foto: Nils Olsson Reppen.

Hotell og serveringslokale på Hermansverk. Elvegard kafe (funkis). Gamlehotellet på Hermansverk (no Skald) og Sognefjord hotell (Knausen).

På Hermansverk utvikla det seg etter kvart eit særslig mangfaldig næringsliv med mange ulike handelsverksemder. Mellom desse kan nemnast:

Kai, landhandel, tingstove, postkontor, mølle, dampfargeri, spinneri, veveri, fargeri på Sygna, sagbruk, trelasthandel, pølsefabrikk, tønnefabrikk, meieri, trevarefabrikk, kraftverk, fleire butikkar av ulikt slag mellom anna møbelforretning, engrohandel med frukt, slakteri, båtbyggeri, saft- og syltetøyfabrikk, skulebygg for bilmekanikarar, Pepsi-produksjon, hermetikkfabrikk, kafé, hotell, frisørar, drosjesentral, kiosk, tannlege, ungdomsklubb, forlag, Vegkontoret, vegsentralen på Laberg, forsøksgarden på Njøs – seinare Planteforsk, smoltproduksjon, bensinsal, bensinstasjon, bilverkstad, fotobutikk, bank, politikammer, Fylkeshuset, Sogn Avis sin redaksjon, prenteverk, idrettshall, datafirma, barnehage, Statens hus, fleire konsulentfirma, utleigebygg, kontorbygg, bibliotek og reknesakskontor.

### Hedleberget (H570\_40)

Hedleberget er eit steinbrot for uttak av steinheller i det vesentlege nyitta til taktekking, både på våningshus og særlig andre driftsbygningar. Hellebrotet leverte til bygdene langs Sognefjorden, mellom anna til våningshuset på garden Styvi. Utskipinga føregjekk frå steinkaien på Prestegarden. Hellebrotet var i drift frå utover på 1800-talet.

### Riverdalen med Knutsen møbelfabrikk (H570\_5/K\_16)

Rivedalen utgjer eit heilskapleg miljø frå sentrumsområdet frå tida rundt siste del av 1800-talet og første del av 1900-talet. Den smale bygdevegen slynger seg innover omkransa av små bustadhus på

begge sider. Dei fleste av desse husa har ved tilbygg og modernisering endra noko karakter. Likevel gjev dei ei oppleving av det gamle sentrumsmiljøet, med smale vegar og tett bumiljø. Knutsenhuset og Knutsen møbelfabrikk framstår som mest autentiske innafor miljøet.

Knutsen møbelfabrikk (Rivedalen 13) - Teknisk/industrielt kulturminne. Knutsen møbelfabrikk starta opp på 1920-talet og sysselsette på det meste om lag 10 personar. Dei laga ulike møblar, trapper og anna husinventar. Fabrikken var ein viktig praksisplass for ungdom frå bygda som seinare gjekk inn på snikkarfaget. Møbelfabrikken vart nedlagt ut på 1960-talet. På 70- og 80-talet var det frisørsalong i bygget og Knut Knutsen dreiv møbelbutikk i lokal i ein kortare periode. Eksteriøret til møbelfabrikken er i stor grad uendra og har difor stor autentisistetsverdi som enkeltminne. Rivedalen med Knutsen møbelfabrikk og småhusbebyggelsen er eit viktig kulturminne knytt til framveksten av Hermansverk som tettstad og som ein stad med mykje småindustri.



Figur 5-34. Kulturmiljøet i Riverdalens sett frå Daluri/Gjertrudbakken. Knutsen møbelfabrikk til venstre i biletet.  
Foto: Kjell Arne Valvik.

Daluri, den største rydningsrøysa på Leikanger, og den gamlegota, ligg innafor kulturmiljøet i Riverdalens.

#### **5.2.7. Samfunnsinstitusjonar – Leikanger som administrasjonssenter, offentleg forvaltning. Frå starten og fram til den nyare tida**

Bygningar knytt til samfunnsinstitusjonar er særskilt viktige som miljøskapande og historiefortellande element i kulturlandskapet på Systrand. Dette er bygningar og anlegg som samla gjev Leikangerbygda ein særeigen karakter og sterkt identitet.



Figur 5-35. Tinghusanlegga og Sorenskrivargarden. Leikanger kyrkje og prestegarden til venstre for tinghusanlegga. Foto: Kjell Arne Valvik.

### 5.2.8. Administrasjonsbygg

Tinghus I, ferdig i 1939 var det første administrasjonsbygget på Leikanger. Sidan den tid er det ført opp eitt nytt administrasjonsbygg eller utviding av gamle om lag kvart åttande år. I byrjinga var strategien at kommunen måtte sikre lokalisering til Leikanger ved å stille til rådvelde tenlege administrasjonsbygg. Spørsmålet om flytting av dei fylkesomfattande administrative funksjonane til Førde kom opp både i 1947, i 1973/74 og i samband med vedtaket om å bygge fylkeshus på 1970-talet. I 1974 kom det ein kongeleg resolusjon om at Statens vegvesen skulle bli verande på Leikanger og bygge eige administrasjonsbygg i Askedalen på Hermansverk. Dette var starten på å flytte hovudtyngda av dei administrative kontora frå område ved kyrkja midt i bygda til Hermansverk i austre del av bygda. Seinare er fylkeshuset, NAV-bygget, Statens hus og utviding av vegvesenet sitt bygg kome til.

#### Tinghusanlegga (Tinghus I, H570\_15/K\_26)

Tinghus I, II og III vart alle bygde, eigde og drifta av Leikanger kommune. Av bygningane knytt til tinghusanlegget er Tinghus I prioritert, men under er Tinghus II og III også omtala på grunn av den kulturhistoriske samanhengen.

Tinghus I/Rådhuset - Administrasjonsbygning i mur i klassisistisk stil. Tinghus I vart bygd i 1939 for å huse kommunen og fylket sine administrative funksjonar. Det er ein murbygning i klassisistisk stil med mange av dei originale detaljane og overflatene intakt både ute og inne. Arkitekt var Olav Vangsnes. Bygningen har høg verdi både som bygningsminne og som del av den administrative historia på Leikanger. I den første perioden, 1939 til 1963, leigde kommunen ut areal til både bank, bokhandel og i tillegg frisørsalong på loftet i Tinghus I. Frisørsalongen kasta tyskarane ut då dei tok kontroll over bygget mai 1940. Men arrestlokalet i kjellaren beholdt dei. Frå ut på 50-talet til ungdomsskulen stod ferdig i 1968 var den felles telefonsentralen for Leikanger lokalisert i bygningen. I Tingsalen, som var rettslokale og kommunestyresal, hadde også Leikanger kommunale kino sine

framsyningar. Formannskapssalen var fast møtelokale for fylkesutvalet, bankstyret og andre institusjonar. I kjellaren budde vaktmeistar som også dreiv ei enkel kantine til fram på 1960-talet. Bygningen vert nytta som rådhus i dag.

Tinghus II - Kontorbygning i mur i funksjonalistisk stil. Bygningen i ein relativt anonym funksjonalisme vart bygd i 1954 for å huse fylkesadministrasjonen. Bygningen vart utvida i 1967. I seg sjølv er Tinghus II ein særmerkt arkitektonisk bygning, men hører saman med Tinghus III som har ein høgre verneverdi. Bygningen er viktig som ein del av historia til Leikanger som administrasjonscenter.

Tinghus III - Administrasjonsbygning/kontorbygg/høgblokk i internasjonal modernisme frå 1963.

Bygningen er bygd i 1963 i ein tidstypisk internasjonal modernistisk stil, høgblokk med flatt tak. Denne stilens er sjeldan utanfor dei store byane, og er knytt til Leikanger som stateleg og fylkeskommunal administrasjonsstad. Bygningen er eit særmerkt og viktig kulturminne både frå ein arkitektonisk, kunstnarisk og historisk ståstad. Særleg er det verd å nemne den integrerte kunsten i fasaden som gjev bygningen ein markant utsjånad, òg som fjernverknad. Nokre av dei originale detaljane, som inngangspartiet i eik og vindauge er endra, men dette kan attendeførast. Tinghus III har vore nytta av både statlege, fylkeskommunale og kommunale etatar. Bygningen har i lengre tid stått utan bruk og forfallet har begynt å gjere seg gjeldane, særleg på fasaden.

### Fylkesmannsgarden (Nybø) (H570\_11)

Fylkesmannsgarden/Amtmannsgarden - Bygningsmiljø/tun med restar av grøntanlegg.

Garden Nybø har vore i offentleg eige sidan 1853. Han har vore både sorenskrivargard og fylkesmannsgard. Bygningane har sidan 1970-åra vore i kommunal eige. Bygningen vart ei stund nytta som bustad, men husar i dag Nybø barnehage.

Trebygningen i midten mellom riksvegen og barnehagen er Amtskontoret frå om lag 1860. Bygget er i dag Administrasjonsmuseum. Nordre Bergenshus Amt, frå 1919 Sogn og Fjordane fylke, vart eige fylke i 1763. Amtmennene budde i Bergen, på Kaupanger, i Lærdal og Balestrand før amtmannen i 1862 valde å slå seg ned på Leikanger. Sidan har Nybø vore kalla Fylkesmannsgarden. På garden er det fleire verneverdige bygningar, mellom anna Amtskontoret og sjølve hovudhuset, der barnehagen ligg.



Figur 5-36. Fylkesmannsgarden i dag, med ny bruk som kommunal barnehage. Foto: Knut Henning Grepstad.

Strandlinia under Fylkesmannsgarden er offentleg badeplass. Her ligg Fylkesmannsnaustet og det som var badehuset for kvinnene i fylkesmannsgarden. Ved badeplassen står det òg ein bautastein. Denne vart funnen i samband ved bygging av riksvegen i 1937, saman med gravminne frå eldre jernalder. Her står det også eit «turkehus» som er flytt hit frå høgdegarden Eggja. «Turken» vart nytta til å tørke kornet før brygging av øl.

På oppsida av riksvegen ligg "Gamle Amtmandslunden" eller berre "Lunden". Lunden var tidlegare ein viktig samlingsstad i bygda og fungerte som 17. mai-plass frå kring 1900 til 1973. Det vart òg halde ungdomslags- og songarstemne i Lunden med opp til 3.000 deltagarar. Frå 1931 vart Lunden fast 1. mai-plass for arbeidarrørsla i Leikanger. Statsminister Jørgen Løvland og statsrådane Johan Castberg, Olav Meisdalshagen og Kåre Fostervoll var mellom talarane i Lunden. Dei seinare åra er Lunden restaurert noko og området blir brukt til undervisning og som leikeområde for Nybø barnehage.



Figur 5-37. Amtskontoret på Fylkesmannsgarden. Foto: Sigrun Espe.

Anlegget består av 7 bygningar, som er restar av det gardstunet som var på Amtmannsgarden. I 1856 skal det ha vore 18 bygningar på garden. Nybø har frå 1863 vore fylkesmannsgard, der fylkesmannen i fylket har hatt bustaden sin. Hovudhuset som no nyttast som barnehage er opphavleg bygd i empirestil i 1860-åra, men fekk påbygg i sveitserstil i 1890-åra. I tillegg til hovudbygninga består anlegget av drengestove, stabbur, eldhus, paktarbustad, naust og badehus. Bygningane er i dag i god stand, men det har vore utskifta mykje originalmateriale og bygningsdelar, både under istandsetting og ombygging til nye funksjonar. Som heilskapleg bygningsminne har Fylkesmannsgarden no delvis lågare autentisitetsverde, men er eit viktig historiefortellande element i lokalsamfunnet og i kulturlandskapet på Systrond. Naust og badehus har stor grad av autentisitet. Fylkesmannsgarden er eit fint heilskapleg anlegg som er fredingsverdig vurdert som bygningsmiljø. Anlegget fell i tillegg naturleg i saman med andre statlege bygningar på Leikanger, og dette er med på å understreke den spesielle rolla Leikanger har spelt som administrasjonsstad for regionen. Anlegget er difor ein viktig del av fylkeshistoria.

#### Sorenskrivargarden (H570\_14)

Sorenskrivargarden - Embetsmannsgard i empirestil. I 1865 var ein teig av Halland seld til Opplysningsvesenets fond etter at det vart gjeve samtykke til kjøp av denne eigedomen til embetsgard for sorenskrivaren i Ytre Sogn. På den tid stod det bustadhús og eit uthus på teigen som vart sorenskrivargard. Midtdelen av bygningen er i typisk bergensk empirestil frå ca. 1820. Dei to sidefløyane frå 1860-åra er og i eit klassistisk formspråk, men i den noko tyngre bidermeierstilen. Eksteriøret er i stor grad halde i sitt opphavelege 1860-talsuttrykk og har difor stor verdi som

bygningsminne. Husa har høg grad av autentisitet og klare arkitektoniske kvalitetar. Det er knytt estetisk opplevingsverdi til anlegget. Det har vidare eit heilskapleg preg, både som kulturhistorisk viktig bygningsmiljø, og som del av det landskapet det ligg i. Som alle bygningane som er knytt til fylkesadministrasjonen opp gjennom tidene er viktige som historiefortellande kulturminne også stor verdi. Dette er eit viktig ledd i historia til Hermansverk som fylket sitt administrative sentrum. Bygningen er og viktig som miljøskapande og historiefortellande element i kulturlandskapet på Systrand.



Figur 5-38. Sorenskrivargarden. Foto: Leikanger kommune.

Sorenskrivaren budde her til 1974, då embetet vart flytta til Høyanger. På Sorenskrivargarden, rett nedanfor riksvegen, står to svært høge lauvtre: Skrivareiki og Almen. Skrivareiki er eit velkjent landemerke på Systrand. Treet skal ha blitt planta kring 1750 og har ein omkrins på meir enn 5 meter. Trekkrona strekk seg meir enn 26 meter til vers. Lenger aust står almen, som er eitt av dei største trea i sitt slag i Noreg. Almen er meir enn 29 meter høg og har ein omkrins på om lag 6 meter (2016).

### Politimeisterbustaden (H570\_13)

Sogn politimeisterbustad i Leikanger er forskriftsfreda. Den er teikna av Riksarkitekten i 1938 og er ein bygning i to høgder der sokkeletasjen og terrassen er bygd i betong, mens resten av huset er bygd i tre. Huset var embetsbustad for politimeisteren i Sogn fram til 1996. Huset er eit sjeldan døme på 30-talsfunksjonalisme utanfor dei større byane i Norge.

Fredinga omfattar bustaden med garasje. Fredinga gjeld bygningane sitt eksteriør og interiør. Interiøret, omfattar innvendig hovudstruktur (rominndeling) og arkitektoniske detaljar (dører, vindauge, listverk, overflatar, dekor, etc.), samt fast innreiing.

Føremålet med fredinga er primært å bevare anleggets arkitektoniske kvalitetar. Så reindyrka 30-tals funksjonalisme er sjeldan utanfor dei store byene i Norge. Anleggets plassering fører til økt verneverdi. Ei konservativ forvaltning og godt vedlikehald av bustaden gjør at autentisiteten er svært høg. Føremålet med fredinga er å bevare denne autentisiteten slik at politimeisterbustaden framleis blir ei god kjelde til norsk, funksjonalistisk arkitektur i tre. Ut over det arkitektoniske er politimeisterbustaden verdifull som en sein utgåve av embetsmannsbustaden. Bygningen har som politimeisterbustad hatt ein offisiell funksjon som gjør at bygningen er meir sentral i lokalmiljøet enn ein privat villa.

Fredinga av bygningane sitt eksteriør skal sikre bygningane sin opphavlege arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og i detaljeringa, slik som fasadeløysing, dører og vindauge, materialbruk og overflater skal oppretthaldast. Føremålet med fredinga av bygningane sitt interiør er å bevare rominndelinga, samt opphavlege bygningsdelar og overflater. Tilbakeføringar til opphavlege løysingar og overflater der desse seinare er endra, kan vere i tråd med fredinga sin intensjon, men må i kvart enkelt tilfelle handsamast av forvaltningsmynde som ei dispensasjonssak etter kulturminnelova.



Figur 5-39. Sogn politimeistarbustad nede ved fjorden midt i biletet. Foto: Kjell Arne Valvik.

### Vegsjefen sin bustad (H570\_12)

Bustadhuset er bygd i 1947-48, men det liknar ein del på prestegardshuset (no på Bygdøy folkemuseum) som er mykje eldre. Dette er ingen direkte etterlikning av prestebustaden, men ei stilretning kalla "Nye Norge" som var gjeldande i perioden 1905 – ca. 1930 - og noko seinare enkelte stader. Stilen er grunna på ei sterk søken etter nasjonal byggestil. Gamle byggestiler vart tekne tilbake, særleg barokk og klassisme, og det vart lagd ei fri gjendikting og eit kraftfullt uttrykk i hovudform og detaljeringa. Ofte kalla "norsk panelstil". Typiske kjenneteikn ved vegsjefen sin bustad er den kubbeforma bygningskroppen, høgreist saltak og bratt takvinkel, kraftig detaljering og panel, breie hjørnekassar og vindskier, småruta vindauge og rikt utforma dørportalar.



Figur 5-40. Kulturmiljøet på Nybø. Vegsjefen sin bustad til venstre i biletet, Fylkesmannsgarden til høgre. Den gamle samlingsplassen «Lunden» i skogen midt i bildet. Bautasteinen fra jernalder som står ved Nybøstrondi blei funnen i samband med utbygginga av riksvegen, den vart sett opp igjen på nedsida av vegen. Naust og badehus på Fylkesmannsstrondi nærmest. Foto: Kjell Arne Valvik.

Bygningen er autentisk og eit godt døme på ein embetsmannsbustad og denne spesifikke byggestilen. Bygningen er sjeldan i Leikanger. Bygningen har ei viktig historie knytt til Leikanger som sete for regional og statleg administrasjon i fylket.

### Statens hus

Statens hus - Administrasjonsbygning og kontor frå 2005 i eit utrykk som er typisk for si tid.

Bygningen er eit markant arkitektonisk kulturminne teikna av arkitektkontoret Archus. Huset sto ferdig i 2005. I tillegg til å vere eit markant signalbygg i innkøyringa til Hermannsverk er bygningen ein viktig ledd i historia til Leikanger som fylket sitt administrative sentrum.



Figur 5-41. Statens hus frå 2005. I bygningen held Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til. Foto: Sigrun Espe.

### **Ungdomshuset (H570\_8/K\_18)**

Ungdomshuset «Leikvang» er teikna av Lærdalsarkitekten Johan Lindstrøm. Ungdomshus er i nyklassisistisk stil bygd i 1925 etter teikningar av arkitekt Johan Lindstrøm som teikna fleire ungdomshus i Sogn og Fjordane, mellom anna ungdomshuset «Frilund» på Lærdalsøyri og «Ljosheim» på Ljøsne. Bygningen har stor lokal verdi og fortel noko om lagshistoria på Systrand. Ungdomshuset vart etter lange diskusjonar innvigd i desember 1925.



Figur 5-42. Ungdomshuset Leikvang. Kjelde: Opplev Leikanger.

### **Bedehuset (H570\_22)**



Figur 5-43. Bedehuset i Strandavegen vart bygt i 1915. I dag er bedehuset i privat eige. Kjelde: Systrand sogelag.

#### **5.2.9. Krigsminne**

Det er få krigsminne i Leikanger. Her kan nemnast minne og hendingar knytt til Ungdomshuset, brakkegrunnmur på Hamre, Fatlavika, Hanehaug (Olav Riise, Anders Eggum, Torvald Johannesen), sjukestove og brakke for tyske soldatar på bedehuset i Strandavegen. Av dei få vi har, er vegen i Henjadalen prioritert.

### Vegen i Henjadalen (H570\_18)

Arbeidstenesta heldt to arbeidsleirar i Leikanger, den eine i 1943, den andre i 1944. Begge leirane skulle ha ein styrke på 90 mann. Styrken vart innkvartert i ungdomshuset Leikvang på Hermansverk og i fleire hus på Henjum. Mannskap frå bygda måtte bu i lag med dei andre. Befalet budde for seg. Ved ungdomshuset vart det halde vakt døgnet rundt. Vakta stod i skilderhus, "væpna med" blankpussa ekserserspade.




Figur 5-44. Arbeidsleirane hadde oppstilling på same måte som i militæravdelingar. Her frå Lundene i 1943.  
Kjelde: Fylkesarkivet, SFF-97149.0004.

Hovudoppgåva til begge leirane i Leikanger var å byggja veg i Henjadalen, frå Røysum og fram til stølen Flya. Grunngjevinga for å byggja nett denne vegen var dei store mengdene fyringsved ein kunne ta fram. Heile prosjektet blei finansiert gjennom fleire stønadssordningar over statsbudsjettet. Utanom vegarbeidet i Henjadalen hadde AT-mannskap på Leikanger nokre andre gjeremål. Dei planta gran i Grindsdalen, tok fram ved, og rydda opp etter eit snøskred på Bakka i Nærøyfjorden.

I tilknyting til vegen inne i Henjadalen står det ein minnestein. Norsk Arbeidstjeneste (AT) reiste denne i 1944 til minne om sitt eige arbeid med å byggja den om lag 5 km lange vegen. Minnesteinen i granitt er vel 1 meter høg. På framsida er Arbeidstenesta sitt merke hogd inn - ein sirkel med spade og bokstavane AT med årstala 1943 - 44. Dette er truleg den einaste minnesteinen i fylket etter Arbeidstenesta i krigsåra 1940-1945.

## 5.3. Fjell og utmark



Figur 5-45: Illustrasjon viser lokalitetane til aktuelle kulturminne / kulturmiljø. Kartillustrasjon: Asplan Viak AS.

### 5.3.1. Stølar (tufter, skålgroper, hellarar, kokegropes, stølsvegar)

#### Friksdalen (H570\_20)

Stølslokaliteten frå jernalderen ligg om lag 3 km framme i Friksdalen. Lokalt blir staden kalla «ved Røsebotnå», medan tufteområdet er kalla Svolset innan det arkeologiske fagmiljøet.

På slutten av 1970-talet vart arkeologane klar over tidsdjupna til lokaliteten på Svolset. Dette var forut for dei mange store vassdragsundersøkingane rundt om i landet, og kunnskapen frå Svolset vart viktig i planlegginga og utføringa av desse undersøkingane. Samla utgjer derfor kulturminnelokalitetane i Friksdalen ein faghistorisk nasjonalt viktig stølslokalitet. Lokalitetane vart vidare undersøkt tidleg på 2000-talet.

Det er 16 kjende tufter på Svolset, og det er desse som pregar staden. Det er likevel i tillegg ei rekke andre kulturspor, mellom anna bergkunstlokalitetar (skålgroper), ei mengd kokegropes og restar etter dyrking. Dei eldste kokegropene kan daterast til bronsealderen, og viser til ein beiteaktivitet føreut for at det kom bygningar i dalen. Det er vanskeleg å tidfesta dei ti jordfaste steinane med skålgroper på Svolset, men det er vanleg å tolke dei til å ha hatt ein funksjon som offerstad allereie frå bronsealderen. Skålgroper opptrer ofte på større bergkunstlokalitetar, saman med andre figurar datert til bronsealderen. Lokaliseringa til fleire av dei tyder på at dei har hatt ein funksjon også medan bygningane var i bruk ut over i jernalderen.

Tuftene er daterte frå sein romartid til vikingtid. Allereie i den eldste fasen, frå romartid til folkevandringstid, er store deler av området teke i bruk. Minst ti bygningar har vore i bruk samstundes i denne eldste tida. Ni av tuftene har to eller tre rom. Minst eitt av romma har då vore

nytta som bustaddel. Dei fleste eittromsbygningane har vore uthus av eitt eller anna slag. Svolset er ein audestøl og det er ikkje spor etter stølshus her etter vikingtid.

Lenger nede i dalen ligg Heimste Friksdal, ein stølslokalitet som fyrste gong vart teken i bruk i mellomalderen. Her er det spor etter tidlegare bygningar (tufter frå mellomalderen og seinare), men også her er det både kokegropar og skålgröpsteinar. To tufter er daterte til 1200-talet. Sidan ser det ut til at området gjekk ut av bruk, og ikkje vart teke i bruk att før på 1500-talet. Frå då har det truleg vore kontinuerleg aktivitet her. I dag er det feire ståande stølshus på stølsvollen.

Det kulturhistoriske miljøet i Friksdalen utgjer eit samla særverdigfullt stølsmiljø, med spor i landskapet attende til bronsealder, gjennom heile jernalderen og i mellomalder og fram i nyare tid. Beitedalen har stor variasjon i kulturminne frå førhistorisk tid og nyare tid fram til stølsbruket vart lagt ned. Friksdalen er eit autentisk og godt døme på ein stølsdal med stølsvegar utan større inngrep i nyare tid.

Andre stølsområde og stølsdalar som er prioritert, og som har dei same kulturminnekvalitetane som Friksdalen, er lista opp under. Særtrekka er kort nemnt.

### Sevi og med Skuledalen stølsvegar (H570\_19)

Selet på Sevi er frå tidleg på 1900-talet. Her er fleire ruinar etter stølshus, innhegningar, murar og rydningar. På stølen Sevi er det også registrert tufter truleg frå jernalder/mellomalder. Lenger inn i Skuledalen er det registrert ein øydestøl med ei tuftesamling truleg frå jernalderen. I tilknyting til stølsvegen opp til Sevi er det registrert ei stor skålgröp hogd i berg midt i stien.



Figur 5-46. Nyregistrert skålgröp i stølsvegen opp til Sevi. Foto: Kjell Arne Valvik /Per Olav Bøyum.





Figur 5-47. Eit tufteanlegg (øydestøl) med ei rekke tufter, truleg frå jernalderen, er registrert i samband med kulturminneplanarbeidet i Skuledalen. På det øvste biletet til venstre ser vi Sevi midt i biletet. Foto: Per Sigve Selseng.

Stølsmiljøet utgjer ei samla verdifullt kulturmiljø, med dagens støl på Sevi med innhegning og stølsveg, samt øydestølen i Skuledalen. Sevi/Skuledalen er eit autentisk og godt døme på stølsområde og stølsdal med stølsvegar utan inngrep.

#### Bergsete (H570\_4)

Nedlagd fjellstøl. Vart nedlagt fordi det ikkje var tilgang på vatn. Deler av bygningsmaterialet vart flytta til Njøsadalen. I dag står det igjen steinruinar og murar etter stølshusa og fjøsa. Det er sermerkt for stølsmiljøet på Bergsete at bygningsmaterialet i stor grad har vore i stein. Stølsområdet har ei særlig flott plassering med vidt utsyn over Leikangerbygda og fjella.






Figur 5-48. Ruinar etter stølshus på Bergsete. Foto: Kjell Erik Strand/Bodil Strand.

#### Rudstølen/Skare/Daurmålshaugen (H570\_39)

Dette er eit særleg godt døme på tredelinga (heimestøl, vår- og hauststøl, sommarstøl) i stølsbruket attende i tid. Frå Skaret og ned til garden Rud gjekk det løypestreng.

#### Fjellområde frå Myrsete til Nyanstølen/Seltuftebotn og Gamlestølen (H570\_34)

På stølen Myrsete er det stående Eitornsel fra 1800-talet og ruin etter fjøs og løe frå tidleg på 1900-talet. På Kluke er det i dag berre ruinar etter stølshus. Mellom Myrsete og Kluke er det registrert fornminnelokalitetar; kokegroplokalitet datert til 90 – 390 e.Kr. (Romertid) og kullframstillingsanlegg (kolgrop) datert til 740 – 380 f.Kr. (yngre bronsealder – førromersk jernalder). På Nyanstøl/Seltuftebotn er det både ståande stølshus og ruinar frå 1800- og tidleg på 1900-talet. Lengst inne i fjelldalen er det eit område som heiter Gamlestølen. På ein stølsvollen i tilknyting til Gamlestølen er det registrert ei stor tuftesamling, truleg frå jernalder. Tuftene på øydestølen er godt synlege. Området framstår som autentisk og urørt og utgjer eit særleg verdifullt stølsmiljø. Nord for tuftesområdet markert under ligg det eit tuftesområde til.



Figur 5-49. Nyregistrert tuftesområde (12-15 tufter) på Gamlestølen, her vist med LIDAR, flybåren laserscanning.  
Kjelde: [www.askeladden.ra.no](http://www.askeladden.ra.no).

### Stavsete til Øvre Romedal (H570\_31)

Stavsete til Øvre Romedal er ein særleg verdifull fjelldal med kulturminneverdiar frå ulike tidsepokar. Her er stor tidsdjupne i kulturlandskapet. Det er registrert fleire stølsområde med ståande stølshus og ruinar frå nyare tid, øydestølar med tufter frå førhistorisk tid, jakt- og fangstminne frå steinalder, stølsvegar/ferdselsvegar, kolgroper og telegraflinje. Kulturmiljøet strekker seg frå Stavsete til kommunegrensa mot Balestrand og Sogndal. Med unntak av ny kraftlinje over fjellet til Fjærlandsfjorden, er det få inngrep i den vide fjelldalen.



Figur 5-50. Tufter truleg frå jernalder på stølen Øvre Romedal. Foto: Marit Anita Skrede.

Fem tufter (truleg) frå jernalderen vart registrert på stølen Øvre Romedal i Romedalen i 2017. Det er Prestegarden og Halland som har hatt støl her i nyare tid. Kanskje kan me knyta jernaldertuftene til garden Husabø? Her er også mange ruinar og tufter frå nyare tid.

### Bjørge, opp til Bustadgjerde (H570\_7)

Området utgjer eit innhaldsrikt kulturlandskap med spor etter kulturminne frå både førhistorisk tid og nyare tid. Kulturmiljøet ligg fint til i lia nedanfor Skagasete. Stølsvegen går gjennom området. Frå Skagasete og ned til Bustadgjerde går det eit større system av gjødselsveiter. Sentralt i området ligg det eit tuftområde med fire tufter frå eldre jernalder (romertid og folkevandringstid). I ei tuft frå folkevandringstid er det fjøs i eine delen med spor båsinndeling. Her er også mange ruinar etter yngre bygningar, mange steingjerde, steinkonstruksjonar og rydningar. Undersøkingar i ei av dei rydda åkerflatene synte spor etter mektige dyrkingslag datert til vikingtid-mellomalder. Knytt til denne åkeren ligg det sju rydningsrøyser. Det er mange ståande uteløer og utløruinar i området.

### Pyttane (H570\_6)

Pyttane er eit område i Njøsadalen som vart rydda av Eirik J. Fosse (Bøllamann) og drive fram til ca 1975. Sonen Ola Fosse tok over etter han. Bøllamann førte opp bustadhus og driftsbygning på 1930/40-talet. Området vart slått i samband med sauheld. Dette gjorde han med stort slit. Bølleman var ein særmerkt arbeidsmann. Her jobba og budde han saman med kona utover hausten og vinteren så lenge der var for til sauene. Pyttane er eit godt døme på korleis areala vart dyrka av enkeltpersonar med handemakt. I dag er Pyttane eigd av Erling Holen, men vert nytta av Erling Gjerde som beiteområde.



Figur 5-51. Pyttane sett frå bruhaugen over Njøsaelvi. Foto: Marit Anita Skrede.

### 5.3.2. Andre utmarksminne - kolgropar, kolmiler, jernvinne, uteløer, vatningsveiter, stiar/vegar

#### Vatningsveiter

Kunstige vatningssystem i form av veiter har ei lang historie i Noreg. Bruken av slike kanalar breiddde om seg i nedbørfsfattige område. Praksisen starta truleg ved at vatn vart leia ut frå naturlege bekkar til tørre dyrkingsområde. Ettersom trangen for vatn vaks, vart veitene bygde frå vasskjelder høgare til fjells. Ei veit hadde ofte fleire sideveiter. I åker og eng vart vatnet slusa ut i eit system av renner og grøfter.

Veitene var ofte utgravne, men ved vanskeleg terrenget, som steinrøyser, blei det bygd trerenner. Ulike typar murar og vollar kunne også bli nytta. Fram mot vår tid har det blitt brukt slangar av lerret og plast.

Veitene kunne i tillegg ha andre funksjonar enn å frakte vatn til tørre jordstykke. Det er eksempel på at veitene også blei nytta som vasskjelde for hushald. Vatningsveitene kunne i tillegg bli brukte til å transportere gjødsel, og dersom vassføringa var stor nok, til kvernall.

I Leikanger har det blitt kartlagt vatningsveiter på Njøs, Henjum, Husabø, Hamre og Grinde. I alt har det eksistert seks veiter som har frakta vatn frå fjellet. Alle vatningsveitene er viktige kulturminne i Leikanger.

#### Prioritert kulturminne – Husabøveiti (H570\_42)

Husabøveiti er truleg den yngste fjellveita på Leikanger. Ho er dessutan ei av dei vi kjenner historia til. I ein avtale frå 1894 gjekk gardbrukarane på Frækaland, Halland, Leikanger prestegard og Husabø saman om å leie vatn frå fjellet og ned til grenda.

Vassbotn, som er hovudkjelda for veita, ligg sør for Kjeringafjell. Rett før Rypeskard kryssa Husabøveiti med ei trerenne over Hamreveiti. Dei to veitene renn så parallelt ned til tregrensa. Etter Kalbakk går vatnet i ein naturleg bekk ned til Damefall. Ein torvvoll vart bygd for å leie vatnet over Viddmyrane. Veita vart også kledd med slok og trebord.

Veita går vidare til Kleppahaugen og Orrasete, delvis på ein voll av stein, jord og torv. Deretter går veita forbi Husabøstølen og ned til Kleppa, for så å gå ned under Frækaland. Resten av vegen ned til fjorden fylgjer veita ei grov. Husabøveiti har fleire sideveiter.


#### Løypestrengar

Topografien på Leikanger låg vel til rette for å nytte løypestrengar for transport av både høy og ved til gards. Langs brattliene frå Hella til Njøs låg det godt til rette for å nytte løypestrengar. Nokre

stader i fleire etappar. Bruken av løypestrengar letta gardsarbeidet monaleg. Ved å nytte løypestrengar utvida gardane ressursområdet sitt. Ein finn fleire stader rester etter desse anlegga. Nokre av dei vart nytta heilt fram på 1960-talet. I dag er det ingen av løypestrengane som er i drift.

## 5.4. Fjorden

Fjorden har gjennom tidene vore viktig for Leikanger på fleire måtar. I arbeidet er det valt å fokusere på fiske og næring knytt til fiske, samferdsle, rekreasjon og fritid. Lokalitetane til dei 9 prioriterte kulturminna knytt til fjorden er vist i illustrasjon under med påfølgjande omtale. Andre kulturminnelokalitetar som er registrert langs fjorden er lista opp i ein oversikt, sjå kap. 5.4.2.



Figur 5-52: Illustrasjon viser lokalitetane til aktuelle kulturminne / kulturmiljø. Kartillustrasjon: Asplan Viak AS.

### 5.4.1. Prioriterte kulturminne knytt til fjorden

Under er lista opp dei 9 prioriterte kulturminna som er knytt til fjorden.

1. Kaien på Grinde (K\_1)

2. Prestabryggja (K\_2)

3. Henjasanden (K\_3)

Dette er kulturminne som knyter fjorden og bygda saman. Kaien på Grinde er eit godt døme på tidlegare tiders samferdsle på fjorden. Det gamle kaibygget står framleis, og det er mogeleg å verne om dette.



Figur 5-53. Kaien og kaibygget på Grinde. Foto: Sigrun Espe.

Prestabryggja er eit døme på korleis folk brukte fjorden i kvardagen, som t.d. skuleskyss, legeskyss, lensmann og prest. I dag er området eit viktig friluftsområde. Ved Ungdomsskulen ligg den gamle steinkaien som mellom anna vert nytta til utskiping av heller frå Helleberget på Prestegarden. Henjasanden er eit godt døme på ein gammal strandsitjarstad. Bygningar frå dette er ein del av friluftsmuseet til Sogn folkemuseum på Kaupanger.

- 4. Ishuset i Eithungjerde (H570\_36 / K 4)**
- 5. Naust i Suppham (H570\_32 / K\_5)**
- 6. Gilje i Suppham (K\_6)**
- 7. Opplagsplass for notkonstruksjon i Verken (K\_47)**
- 8. Naust i fylkesmannsstrondi (H570\_11 / K\_8)**
- 9. Badehuset i fylkesmannsstrondi (H570\_11 / K\_9)**

Fiske etter laks var tidlegare ei viktig næring i Leikanger. Det var fleire laksegiljer/sitjenøter og kilenøter i fjorden. Det var fiske mykje laks og profesjonelle oppkjøparar kom inn fjorden for å kjøpe fisk. I samband med dette vart det behov for oppbevaring av fersk fisk. Det vart bygd eit ishus i Eithungjerde som leverte is til dei fleste fiskarane i bygda. Det er ikkje ishuset som bygning som er prioritert i planen, då dette ikkje lenger eksisterer, men ishuset som ein del av næringa knytt til laksefiske. Eit aktuelt tiltak kan vere å restaurere isdammen i Eithungjerde.



Figur 5-54. Laksegilja i Suppham. Foto: Sigrun Espe.

Ein av dei store aktørane i laksefisket var garden Suppham. Der står det framleis eit gammalt naust og ei gilje med tilhøyrande bygning til overnatting. I tillegg kan ein i Verken sjå restar av konstruksjonen som heldt nota i fjorden. Desse fire kulturminna er eit døme på samanhengen mellom dei ulike prosessane i laksefisket i Leikanger. Dette er kulturminne som framleis er synlege og tilgjengelege, og det er mogeleg å restaurere, verne om og sikre desse for framtida. Det er viktig å legge til rette for at desse kulturminna kan vise opphavleg aktivitet for å ta vare på dei immaterielle verdiane knytt til kulturminna.



Figur 5-55. Naust på Suppham. Foto: Sigrun Espe.

Badehuset i fylkesmannsstrondi viser korleis fjorden har vore brukt til bading og fritidsaktivitetar, og er eit døme på klassekilje i Leikanger. Badehuset er i kommunal eige. Naustet i fylkesmannsstrondi er eit godt døme på eit stort, gammalt bruksnaust som kan huse seksering, færinger og not bruk. Dette er også i kommunen sitt eige og her har vi gode mogelegheiter til å ivareta og restaurere dette anlegget. Både badehuset og naustet ligg i eit offentleg friluftsområde.



Figur 5-56. Badehus og naust på Fylkesmannsgarden. Foto: Kjell Arne Valvik.



Figur 5-57. Naustet på Fylkesmannsgarden (Nybø). Foto: Kjell Arne Valvik.

Eit tiltak for alle desse kulturminna bør vere å samle inn og ta vare på kunnskap om aktivitet på fjorden frå dei som har personleg erfaring frå dette gjennom intervju og dokumentasjon.

#### 5.4.2. Oversyn over andre kulturminne langs fjorden

Under vises ein oversikt over kulturminne langs fjorden med inndeling i fiske og næring knytt til fiske, samferdsle, fritid /rekreasjon og strandsitjarstadar.

##### Fiske og næring knytt til fiske

###### 1. Restaurert gilje på Hella

Gjenoppbygd av Olav Hellen med kulturmiddlar frå Leikanger kommune.

###### 2. Naust rett innom Hella, 2 stk.

Høyrer til garden Vestrheim. Eit mindre naust med steinveggar og eit større naust i laft med blikktak. Det minste naustet vart brukt i samband med notfiske i Kålhamrane. Felles båt vart oppbevart her i mange år. Det største naustet ligg skjerma av ein relativt nybygd molo.

###### 3. Gilje i Kålhamrane

Giljet vart flytta frå Gjytta til Kålhamrane tidleg på 1900-talet. Den Gilja som står i dag vart bygd opp på slutten av 1950-talet i nytt materiale – kreosot (lysstolpar). Dette verpet vart delt mellom gardane Vestrheim og Eitungjerde. Det vart delt 50-50. I 1966 gjekk dei over frå sitjenot til kilenot.

###### 4. Sagbruket til garden Eitungjerde

Bygd opp av Andreas Vestrheim. Vart bygd første halvdel av 1900-talet. Fekk vatn frå Isdammen. Vart seinare elektrifisert.

###### 5. Ishus på garden Eitungjerde

Dette var i bruk fram til kring midt på 60-talet. Ishuset stod rett vest for naustet på garden og

like aust for sagbruket, og vart fjerna på slutten av 1960-talet. Isen vart henta frå ein dam som var laga til dette bruket. Denne dammen heiter Istdammen den dag i dag. Denne låg rett vest for fjøsen på garden. Dammen vart murt opp. Ishuset var eit spesielt hus som var isolert med kring ein halv meter tjukke vegger av sagflis. Kring 12 – 15 tonn. is vart lagt inn om vinteren og dette varde heilt fram til august (den tida var det lov å fiska laks fram til 25.august). Ishuset tok mot laks frå dei fleste lakseverpa i området.

Kjelde: Ola Vestrheim Kjelde: Hans Hamre.

#### **6. Naust og turke til garden Eitungerde**

Turka har steinvegg inn mot fjellet, bygd inn i berget. Reisverk av tre, bygd på steinmur. Vart brukt til å tørke korn. Fyrte med ved. Ljore i taket. Rett attmed turka står naustet med snekkarverkstad på loftet.

#### **7. Naustet til Mikkel Sjur Eithun**

Skiftertak, heller frå Helleberget. Rundtømmer, 1,5 etasjar bygd på ein stor steinmur. Stort nok til å huse notbruk.

#### **8. Naust i Pergjerdet**

Høyre til garden Larsgarden. Det gjekk ein sjøarveg frå tunet i Eitun (Larsgarden) ned til naustet. Denne er framleis intakt og i bruk. Naustet vart i nyare tid brukt som ungdomshus, spesielt til dans, og har utedo. Dette vart bygd opp nytt midt på 1900-talet. Eigedomen vert i dag forvalta Jan Richard Tallaksen.

#### **9. Naust til Eikenes**

Bygd av Lars Eithun.

#### **10. Naustet til Gunnar Hamre**

Ved Kvinnafossen. Naustet vart bygd på slutten av 1960-talet i samband med at garden til Gunnar Hamre på Hamre hadde rettar til kilenot. Bygd inn i naturen. Støypt opp.

#### **11. Gilje i Stegane**

Restar av konstruksjonen ligg igjen. Hytta vart knus av ein tankbil med hengar som køyrde av vegen på 1990-talet. Dei dreiv med sitjenot fram til ca midten av 1960-talet, og kilenot etter dette.

#### **12. Naustet i Suppham.**

Tømra naust. Bygd for å huse seksering, færing og notbruk. I Suppham dreiv dei både med giljefiske og kilenot. Skifertak. Ein kan sjå samanhengen mellom naustet i Suppham, gilja i Suppham og staden der utstyr vart oppbevart i Verken. Eigar: Anna Hamre.

#### **13. Gilje i Suppham**

Den ligg på Verpeneset. Denne gilja bør vi berge. Eigar er Anna Hamre. På 1930-talet tok Verken over delar av fiskerettane til Suppham. Kjelde: Laks i sikte av Terje Eggum (mykje om denne). Ei gilje står, ei er det berre igjen restar av. Den har mest sannsynleg kollapsa på 70-talet.

#### **14. Naust i Verken**

Bygd nytt på tuftene til gamalt naust. Steinmurar.

#### **15. Naust til hovudbruket i Verken (2 stk)**

To naust i lag, eit eldre og eit nyare. Det eldste er størst, er tømra og har skifertak. To etasjar med lem. Her hadde dei notbruk. Liknar på nausta på Suppham og Eitorn, men dette er mindre.

#### **16. Opplagsplass for notkonstruksjon i Verken**

Her oppbevarte dei ragen – konstruksjonen som heldt nota frå land ut i fjorden, over flaken. Restar av denne ligg framleis på land. Ut i frå praktiske og klimatiske forhold var dette ein naturleg plass å lagre desse konstruksjonane.

**17. Galtane – sjømerke.**

To berg som stikk opp frå fjorden. Dei ser ut som to grisar som badar. Segn knytt til dette.

**18. Naust på Grinde**

Steinmurar, blikktak (lagt nytt på 60-talet). Sjur Huke. Det har mest sannsynleg stått eit naust oppå murane. Naust på Grinde i rundtømmer, blikktak.

**19. Lindormen**

Sjømerke, ein gul, buktande orm teikna i berget. Gnr 5 bnr 2. Segner knytt til denne.

**20. Fosshagaskjer**

**21. Fosshaganaustet**

Forsvann i Dagmar. Like aust for dette ligg naustuftene til Fosse og Eggja.

**22. Djupapollbukti / Holet**

Her er det brådjupt rett inn med land og utover. Spjuteplass. Holet, djupt hol i sjøbotn rett under berget, ligg i bukta. Holet var ein mykje nytta stad for å fjerne seg med uønska gjenstandar, mellom anna gamle bilar.

**23. Fiskesteinen**

God fiskeplass gjennom fleire generasjonar.

**24. Naustet til Kremmargarden på Hamre**

Arne J. Hamre. Eit av to naust på garden. Dette, som står under Matberg, er eit stort naust med reisverk av tre. Det andre stod der Marie Njøs bur no, rett vest for naustet til Eirik H.

**25. Naust på Hansgarden, Hamre**

**26. Notkast kalla Skaffarsvaet på Hamre.** Flatt sva der dei drog opp nota når dei fiska på Skaffarkastet.

**27. Sandsbryggja. Sandsnaustet.**

**28. Naust i fylkesmannsstrondi**

**29. Naust til Henjum, Stadheim**

På Henjasanden, Hermansverk.

**30. Jonaustet**

**31. Fiskeplass** Grauthaug.

Fiskeplass (Grauthaug) og fiskeoppbevaring (Fatlabukti). Her er det også restar etter laksegilje.

## Samferdsle

**1. Hella ferjekai**

Eit viktig knutepunkt. Samferdsle. Nausta til gardane Rud og Hella måtte fjernast i samband med bygging av ny ferjekai. Det gjekk ei løype frå garden Rud ned i fjorden – dei løypte ned tømmerstokkar til sagbruk. Tømmer vart frakta via fjorden til sagbruk. Denne kom ned i fjorden rett vest for det nye naustet til Rud-garden.

**2. Eitorn damsksipskai**

Dampsksipskaien vart truleg sett opp i 1907. Fylkesbåtane gjekk i rute fleire gonger for dag fram til vegen til Leikanger kom i 1956. Rutebåten til og frå Bergen stoppa her, og i tillegg hadde vi stopp av lokalbåten til Fjærland. Fjordingane og Fjærlandingane var lite glade for dette fordi det tok lengre tid og ikkje minst fordi det ofte var mykje sjøgang her slik at sjøsjuka meldte seg hjå dei som ikkje var sjøsterke. Men rutebåten eller dampen som den til dagleg vart kalla var ikkje berre eit kommunikasjonsmiddel, det å gå på bryggja når båten kom var eit kjærkome høve til å koma saman for ungdomane, serleg dersom båten kom om laurdagskvelden eller sundag. Dersom ein kan snakka om eit senter i ei så liti grend, så måtte det vera bryggja der dampen la til, posten og den vesle butikken (krambui).

### 3. Kaien på Grinde

Eigar Turid Holum. Knutepunkt. Samferdsle og næring. Ferjetrafikken starta på 30-talet og heldt på til 1956. Butikk og kafé. Skuleborna frå Holum skule på Grinde kom ned på butikken i friminutta. Dampskipsekspedisjon i den raude kaibygningen.

### 4. Kaien på Hanahaug

Dampskipskai. Rett under der gamle samvirkelaget ligg i dag var fabrikkbryggja til sildefabrikken. Dette området er i dag utfylt. Johnsenbryggja, Brygga til Josh. Husabø som dreiv butikk., låg like aust for dampskipskaien. Bryggja til hotellet står enno. Viktig for samferdsle og næringsverksemd knytt til fiske/fjorden.

### 5. Kaien på Hermansverk

Dampskipskai.

### 6. Prestabryggja

Ved Leikanger ungdomsskule. Skuleskyss frå Feios og Fresvik. Fram. Skyssbåt for både lege, lærar og prest. Samferdsle.

## Fritid/rekreasjon

Bading, båtliv – ikkje noko nytt. Tidlegare var det mykje bading, og spesielle område som Pilaviki, Hamre og Kråkene i Strandavegen var mykje nytta. I nyare tid har vi fått prestastrondi ved Ungdomsskulen og Fylkesmannsstrondi. Ein har gjennom tidene bygd båtar i Leikanger. Siste runde med båtproduksjon på 70-talet på Laberg. Dette var eit fritids- og rekreasjonsprosjekt. Båten som vart bygd vart kalla Laberg-fjøl. Grunna feilproduksjon var båten ikkje heilt trygg i bruk.

### 1. Badehuset i Fylkesmannsgarden

Tømra bygning med sinknov. Teglsteinstak av nyare dato. Veggane mot sør og vest har kledning av nyare dato. Bygningen har to dører: Ei dør mot vegen (den gamle bygdevegen) og ei dør ut i badehop i fjorden. Badehoppen er delvis nedrasa. Leikanger kommune eig bygningen som ligg i eit offentleg friområde. Dette skal ha vore eit badehus for kvinnene på amtmannsgarden. Frå 1910 til 1930 var Ingolf E. Christensen amtmann/fylkesmann. Hans Christian Seip var fylkesmann frå 1930 til 1941. Eigedomen var i statleg eige fram til 1974 då kommunen tok over. Datering: 1900 talet, første kvartal.

## Strandsitjarstad

I tillegg til det som har med fiske/næring og samferdsle å gjere, synleggjer planen historia til strandsitjarane i Leikanger. Henjasanden er eit døme på eit slikt miljø.



Figur 5-58. Husmannsplassen Henjasand på Sogn Folkemuseum, Kaupanger. Kjelde: Sognafoto.

### 1. Henjasanden

Området vest for Henjaelvi. Henjasanden var ein strandsitjarstad, og folket som budde på Henjasanden var husmenn med jord, under garden Henjum. Fiske, samt ein kort periode båtbygging.

## 5.5. Vegen vidare

Immaterielle kulturminne (stadnamn, bilete, kunst, musikk, tradisjon, segn, historier, hendingar) inngår delvis i tema ovanfor, men er ikkje dekkande. Dokumentasjon av immaterielle kulturminne bør difor arbeidast vidare med til neste rullering av kulturminneplanen, til dømes gjennom intervju, historier og hendingar.

Kulturminnefeltet er stort, og i planprosessen har vi kome fram til område som er særmerkte og viktige for Leikanger. Dei viktigaste kulturminna for Leikanger sin kultur og identitet, er registrert, vurdert og lagt inn i planomtale, plankart og handlingsdelen. Val av satsingsområde inneber at ein i denne omgang prioriterer nokre og vel vekk andre område. Ved seinare politisk handsaming er det likevel mogeleg å ta inn andre tema i kulturminneplanen og i handlingsdelen. Fleire innbyggjarar har brukt registreringsverktyet og databasen kulturminnesøk for å registrere kulturminne i Leikanger aktivt, og dette har styrka og vore til stor hjelp i arbeidet med kommunedelplanen, og vil vere viktig i det vidare arbeidet.

Planen skal opp til politisk handsaming kvart 4. år. Handlingsdelen kvart år i samband med budsjetthandsaminga i kommunen.

## 6. FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

Tekst i ramme i dette dokumentet er juridisk bindande føresegner. Alle lovtilvisingar i føresegnehene er til plan- og bygningsloven (tbl.) dersom anna ikkje er særskilt nemnt.

Tekst utanfor ramme er retningsliner. Desse skal vektleggjast ved handsaming av enkeltsaker.

### 6.1. Generelle føresegner og retningsliner

#### 6.1.1. Kulturminne, § 11-9 nr. 7

Alle arealplanar og tiltak, også i sjø, skal vurderast med omsyn til kulturminne. I plan- og byggesaker skal tiltakets konsekvensar for eventuelle kulturminneverdiar skildrast.

For automatisk freda, forskriftsfreda, vedtaksfreda, listeførte eller marine kulturminne/områder er det krav om vurdering etter kulturminnelova. Meldeplikta jf. kulturminnelova § 9 angåande automatisk freda kulturminne gjeld for heile kommunen.

Område som vert regulert skal oppfylle undersøkingsplikta i kulturminnelova § 9. Område som vert regulert skal vere vurdert/registrert før reguleringsplan kan vedtakast i kommunestyret.

Tiltak (riving, bruksendring, fasadeendring, tilbygg, påbygg, inngrep i grunnen med meir, jf. pbl § 1-6) som kan røre ved freda eller bevaringsverdig kulturminne skal sendast over til kulturminnestyresmakta (fylkeskommunen) for uttale, eventuelt for dispensasjonshandsaming dersom kulturminnet er freda etter kulturminnelova, jf. §§ 3, 4 og 15. Riksantikvaren er klageinstans når det gjeld dispensasjon fra § 15.

Bygningar, anlegg eller miljø, som ligg innanfor omsynssone H570 (miljø) og K (enkeltobjekt) eller som er prioritert i kulturminneplanen, har særleg kulturhistorisk verdi og skal takast vare på og kan ikkje rivast. Det skal gjerast ei kulturminnegable vurdering før eventuell endring. I kulturhistoriske bygningsmiljø skal bygningane halde på sitt sær preg og estetiske kvalitetar i fasadar, detaljar og hovudform.

Ved brann- eller annan uoppretteleg skade i bevaringsverdige kulturmiljø/bygningsmiljø skal ny bebyggelse anten byggast opp igjen som kopiar på dokumentert grunnlag eller som nye bygningar som vidarefører stadeigen historisk byggeskikk. Ny bebyggelse skal ikkje føre til ei svekking av kulturmiljøet sin eigenart og verdi.

Leikanger kommune sin kulturminneplan skal leggast til grunn i plan- og byggesakshandsaminga. Kulturminneplanen har som føremål å ivareta kommunalt prioriterte kulturminne og særlege utsette bygningstypar og kulturmiljø, som historiske gardsbygningar/gardstun, stølshus/stølsmiljø, verneverdige institusjons- og administrasjonsbygningar, skulebygningar, industriminne, og det kulturhistoriske landskapet kring slike.

Omsynssoner i denne kommunedelplanen gjeld i lag med andre omsynssoner og arealføremål i kommuneplanens arealdel.

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta sine kulturminne og kulturmiljø ved hjelp av plan- og bygningslova sine reglar. Kulturminna i Leikanger skal ivaretakast i samsvar med kulturminnelovas intensjon. Bygdas kulturhistoriske sær preg skal takast vare på og vidareutviklast.

Vurdering av kulturminne og kulturmiljø skal vere ein integrert del av arealplanlegging og søknad om tiltak. Det kulturhistoriske jordbrukslandskapet og bygningsmiljøet og den stadeigne byggjesikken skal vektleggast. Verdiar skal dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta desse.

Dersom faglege vurderingar tilseier at bygning eller bygningsmiljø bør takast vare på som viktig kulturminne kan kommunen leggje ned midlertidig forbod mot tiltak, jf. pbl. § 13-1, i påvente av reguleringsplan.

Der kulturminneressursar i form av kulturminne, bygningsmiljø og kulturlandskap er tilgjengelege, skal dei brukast for å vidareutvikle bygda sin byggeskikk med kvalitet og sær preg.

Omsynssoner – bandlegging for freda kulturminne og kulturmiljø (H730) skal vidareførast ved utarbeiding av reguleringsplan, jf. punkt 6.3.

## **6.2. Omsynssone, soner med særleg omsyn til landbruk, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse, § 11-8 c**

### **6.2.1. Bevaring kulturmiljø**

Ved denne rulleringa har vi synleggjort omsynssoner for kommunalt prioriterte kulturminne. I områder avsett med omsynssone H570\_1-42, bevaring kulturmiljø og kulturlandskap, skal omsynet til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap *særskilt* ivaretakast. Grinde – Utvalt kulturlandskap i jordbruket (H570\_30) er ei sone med særleg omsyn til kulturlandskap.

Innafor desse områda skal det ikkje etablerast tiltak eller utøvast aktivitetar som kan svekke områdas verdi som kulturmiljø. Restaureringstiltak kan tillatast etter antikvariske prinsipp.

Samlede tiltak som vert søkt etablert i sona, også restaureringstiltak, skal sendast over til regional kulturminnemynde for uttale før vidare handsaming i kommunen.

Kulturhistoriske bygningsmiljø og områdets kulturmiljø skal sikrast og oppretthaldast. Det skal takast spesielle omsyn ved søknad om tiltak og endra arealbruk. Det skal leggast spesiell vekt på struktur og arkitektur/byggeskikk. Om korleis eit tiltak får innverknad på kulturminne og kulturmiljø skal vurderast i samråd med regional kulturminnemynde.

Verdifulle kulturlandskap skal forvaltast slik at kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet vert oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleveling, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.

Det vert elles vist til planen sine generelle føresegner om kulturminne og kulturmiljø, jf. punkt 6.1.

## **6.3. Bandlegging etter lov om kulturminne, § 11-8 d**

Bandlegging etter kulturminnelova, H730 – freda kulturminne (automatisk freda, vedtaksfreda, forskriftsfreda, listeførte og marine kulturminne). Til dømes førhistoriske kulturminne, Leikanger kyrkje frå mellomalderen, nedlagde kyrkjestedar frå mellomalderen, Leikanger prestegard og politimeisterbustaden, m.fl.

Omsynssone H730\_1-28 (miljø) og rune-R (enkeltobjekt) er bandlagt etter Lov om kulturminne.

Områda er freda i medhald av lov om kulturminne av 1978, jf. §§ 4, 15 og 19, og omfattar fornminne, bygningar og område rundt eit freda kulturminne. Freda kulturminne vert forvalta etter kulturminnelova.

Bygningar og anlegg som er freda ved vedtak etter kulturminnelova skal forvaltast i samsvar med føresegnehene i fredingsvedtaket og kulturminnelova, i tillegg til plan- og bygningslova.

Omsynssoner skal vidareførast ved utarbeiding av reguleringsplan.

Kyrkjestedane frå mellomalderen (Leikanger id 84922, Hamre id 84477, Henjum id 84549 og Njøs id 85137) er automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på dei automatisk freda kulturminna er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.

Det vert elles vist til planen sine generelle føresegner om kulturminne og kulturmiljø jf. punkt 6.1.

## 7. HANDLINGSDEL

Handlingsplanen, for vidare arbeid innafor kulturminnefeltet i Leikanger kommune, er ein viktig del av planarbeidet.

Handlingsplanen legg opp til at vi skal jobbe vidare med god forvaltning og formidling av kulturarven i kommunen. Formidlinga er delvis knytt opp mot natur- og friluftsinteresser, sentrumsnære turvegar, mv. Dette arbeidet er allereie godt i gang, og blir utført av Systrand sogelag og Opplev Leikanger. Det er, som tidlegare nemnt, naturleg at registreringsarbeidet også vert vidareført etter at kulturminneplanen er vedteken, og det vidare registreringsarbeidet er difor forankra i handlingsdelen i kulturminneplanen.

I handlingsplanen er hovudmålet å bevare Leikanger sin kulturarv. For å nå dette målet må det i tillegg til konkrete tiltak, gjerast generelt bevaringsarbeid. Dette kan vere utarbeiding av forvaltningsplanar og skjøtselsplaner for kulturminne og kulturlandskap knytt til nye reguleringsplanar. Det kan også vere ei ordning der ein kan søke midlar til bevaring av kulturlandskap/jordbruk for prioriterte områder i planen. Det kan etablerast ein kulturminnepris for bevaring og/eller god skjøtsel av kulturminner i Leikanger. Utvalte kulturminne kan sikrast mot forfall. Som eit tillegg til kulturminneplanen vil ein estetisk rettleiar (byggeskikk) og ein fjellbruksplan vere viktige reiskap for god forvaltning av dei prioriterte kulturminna.

I forvaltninga av kommunen sine kulturminneverdiar er det viktig å auke det tverrfaglege samarbeidet i den kommunale forvaltninga, styrke kompetansen innan kulturminnefeltet og styrke samanhengen mellom naturmiljø og kulturmiljø. Leikanger kommune vil gjennom vedtak av kulturminneplanen legge til rette for oppleving, formidling og forvaltning av kulturarven.

Handlingsplanen rullerast kvart år i samband med budsjetthandsaminga. I samband med nye Sogndal kommune frå 2020 må tiltaka i handlingsplanen implementerast med tiltak i Balestrand og Sogndal.


## 7.1. Handlingsplan - prioriterte tiltak 2018-2026

	Tiltak	Gjennomføringsår	Kostnad	Finansiering	Ansvar for oppfølging	Samarbeid	Kommentar
1	Ta i bruk kulturminnesøk for formidling på nett og registrering	2016-2021			Leikanger kommune Kultur	Systrand sogelag, innbyggjarar i kommunen	Arbeidet starta i 2016. Pågår. Registreringsarbeid held fram.
2	Skiltplan for kulturminne (heile kommunen)	2016 – 2020		Kulturbudsjettet og eksterne midlar	Leikanger kommune Kultur	Opplev Leikanger og Systrand sogelag	Ses i samanheng med nye skilt og kommunikasjonsstrategi. Påbegynt Hermansverk/Leikanger. Halde fram med strekninga Hermansverk - Hella og Hermansverk – Kløvi/Fatlaviki.
3	Etablere kommunal støtteordning for eigara av verneverdige bygningar	2019-			Leikanger kommune Kultur		
4	Utarbeide estetisk rettleiar for bygningar i kommunen, med særlege omsyn innanfor prioriterte kulturmiljø	2019-2020			Leikanger kommune Plan/Kultur		
5	Tilrettelegging på Henjahaugane (vegetasjonsrydding, tilkomst og formidling)	2018-2019	130 000,-	Leikanger kommune (28 000,-) og eksterne midlar (Riksantikvaren 82 000,-, SVV 10 000,-, Sogelaget 10 000,-)	Leikanger kommune Kultur	Leikanger kommune, Systrand sogelag, Sogn og Fjordane fylkeskommune	Arbeidet. Ferdigstillaast i 2018.
6	Hårfagreparken og tønnefabrikken	2016-2019		Systrand Sogelag, Leikanger kommune, Sparebankstiftinga	Systrand Sogelag	Leikanger kommune	Hårfagreparken ferdig, skilting tønnefabrikken står att

	Tiltak	Gjennomføringsår	Total kostnad	Finansiering	Ansvar for oppfølging	Samarbeid	kommentar
7	Skilting/ formidling bronsealderrøysene på Grinde	2019-2020		Fylkesmannen (Utvalde kulturlandskap i jordbruket) Leikanger kommune, Systrand Sogelag	Leikanger kommune Kultur	Systrand Sogelag, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Opplev Leikanger	
8	Skilting /formidling og skjøtsel kulturlandskap på Grinde	2019-2020		Fylkesmannen (Utvalde kulturlandskap i jordbr.) Leikanger kommune	Leikanger kommune Kultur	Grunneigar, Sognekraft? FSF, SFFK, RA	
9	Kulturhistoriske skilt Hermansverk og Leikanger (15 stk)	2016-2018		Leikanger kommune, Systrand Sogelag, Opplev Leikanger, Sparebankstiftninga	Opplev Leikanger og Systrand Sogelag	Leikanger kommune	Arbeid utført, ferdig 2018
10	Skilting/formidling av tufteområde i Friksdalen	2020-2021			Leikanger kommune Kultur	Systrand sogelag, Sognekraft?	
11	Utarbeide skjøtselplan for prioriterte fornminnefelt i samråd med grunneigarar	2019-2026			Leikanger kommune Kultur	Tenesteområde, SFFK	
12	Gjennomføre evaluering av SEFRAK bygg før 1900	2019-2026			Leikanger kommune Kultur	SFFK	
13	Vurdere unntak fra eigedom-skatt for verneverdige og freda bygninger	2020-2026			Leikanger kommune		Kriterier vert utarbeidd og vert lagt fram for politisk handsaming
14	Utarbeide fjellbruksplan	2019-2021			Leikanger kommune		
15	Vatningsveiter. Digitalisering av vatningsveitene i kommunen	2017-2018			Leikanger kommune	Leikanger kommune	Ferdig registrert og tatt inn i kulturminneplanen

	Tiltak	Gjennomføringsår	Total kostnad	Finansiering	Ansvar for oppfølging	Samarbeid	kommentar
16	Stølsvegar. Digitalisering av stølsvegane i kommunen	2019-2021			Leikanger kommune	Leikanger kommune / Sogelaget	Ligg som turvegar /stiar i Kulturminneplanen
17	Pyttane. Halde vedlike brua over elva. Sikre beitebruk på arealet for å halde kulturlandskapet i hevd.	2018 - 2026			Leikanger kommune	Grunneigarar / Systrand Sogelag	
18	Badehus og naust på Fylkesmannsgarden. Vedlikehald og restaurering.	2019 - 2022			Leikanger kommune	Grunneigarar / Systrand Sogelag	Må prioriterast
19	Prioriterte kulturminne ved fjorden. Tiltak: samle kunnskap om aktivitet på fjorden. Intervju og dokumentasjon.	2019-2023			Systrand Sogelag	Leikanger kommune	
20	Prioriterings- og tiltaksplan for vedlikehald og bevaring for prioriterte kulturminne i Leikanger	2020-2026		Kulturminne fondet	Leikanger kommune	Systrand Sogelag SFFK, grunneigarar	
21	Husmannsplassar i Leikanger. Registreringar/ dokumentasjon	2021-2026			Leikanger kommune	Høgskulen i Sogn og Fjordane	
22	Bygdebok for Leikanger kommune	2019-2022		Leikanger kommune, Systrand Sogelag, andre	Leikanger kommune	Systrand Sogelag	Initiativ og innleiande møte er gjennomført.

## 8. PLANKART OG TEIKNFORKLARING



### Teiknforklaring

#### Kulturminner

- R Automatisk freda
- R Forskriftsfreda
- R Vedtaksfreda
- R Uavklart
- Ikkje freda
- K Priorerte kulturminner
- K SEFRAK anna bygning
- K SEFRAK meldepliktig

Omsyn kulturmiljø H570

Bandlegging etter lov om kulturminne H730

#### Vatningsveiter

- Hovedveit
- Sideveit
- Gjødselveit
- Demning
- - - - Slok/tro

### 8.1. Link til plankart

<http://asplanviak.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=56a864dc10bd41fba5d84edd81d64de7>

## 9. VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEIDET

Oppstart av planarbeidet og planprogram er kunngjort i lokalavisa og på kommunen sine heimesider. I tillegg vart offentlege etatar og andre aktørar direkte tilskrivne i brev. Det kom inn i alt 1 merknad (Sogn og Fjordane fylkeskommune) til varsel om oppstart og planprogram.

Følgjande høyringspartar/organisasjonar fekk tilsendt planprogram:

### Offentlege planinstansar

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

### Andre aktørar

Systrond sogelag  
Sogn og Fjordane fylkeskommune - Fylkesarkivet  
Statens vegvesen  
Skulane og barnehagane  
Systrond Grunneigarlag og Leikanger Bondelag  
Byantikvaren i Indre Sogn  
Grendalaga  
Leikanger Jakt- og fiskelag  
Idrettslaget Syril  
Systrond Speidargruppe  
Leikanger Pensjonistlag  
Opplev Leikanger

## KJELDER

---

### Tekstreferansar

- Aas, Sverre. 1994. Innsyn i den eldste skulesoga i Leikanger. *Systrendingen*, nr. 2, årgang 2, s. 5.
- Aas, Sverre. 1987. På leit etter lokalhistorie i attgrodde tun i Hanjasanden på Systrand. *Leikanger Kulturutval*. Leikanger.
- Beretning om Leikangers folkeskoler for 5-året 1891-1895. J.D. Beyers bog- & accidentstrykkeri, 1896.
- Berg, Arne. Henjasanden på Hermansverk: Husa på Henjasanden. S. 94 i Årbok for Sogn, Nr 31 (1985).
- Buckholm M.B. 1997: Nedlagte kirker og kirkesteder fra middelalderen i Hordaland og Sogn og Fjordane. Hvilke kirkesteder ble nedlagt når, og hvorfor? Hovedfagsoppgave. Univesitetet i Bergen.
- Bøthun, P.H. 1965: Leikanger bygdebok. Gardssoga. Leikanger bygdeboknemnd.
- Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren og Statens landsbruksforvaltning. 2008. Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Tilsyn til Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet.
- Fett, Per. 1954. Førhistoriske minne i Sogn, Leikanger prestegjeld. Bergen Museum. Universitetet i Bergen.
- Gjerde, Anders. D/s-bryggje på gjestgjevarstaden Hanehaug. S. 6-7 i *Kjelda Årg. 13*, nr 1 (2004).
- Grepstad, Knut Henning. Hanehaug - sentral under krigen. S. 7 i *Systrendingen Årg. 3*, nr 1 (1995).
- Grepstad, Knut Henning. Hanehaug: Leikanger tettstad i 1934. S. 13 i *Systrendingen Årg. 21*, nr 2 (2013).
- Hauge, Leif. 1990. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Leikanger kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Rapport 11. Sogn og Fjordane distriksthøgskule, Skrifter 1990:6.
- Henjum, Johannes. Tueslekta på Henja og slippen på Henjasanden. S. 9-10 i *Systrendingen Årg. 4*, nr 2 (1996).
- Julshamn L., Bade R., Valvik K. A. og Larsen J. 2002. Vestlandsgården – fire arkeologiske undersøkelser. Havrå – Grinde – Lee – Ormelid. Arkeologiske avhandlinger og rapporter fra Universitetet i Bergen. Bergen, 2002.
- Kulturminneloven av 9. juni 1978: <http://www.lovdata.no/all/hl-19780609-050.html>
- Njøs, Odd. 2002. Litt om gamle skulehus på Systrand. *Systrendingen*, nr. 1, årgang 11, s. 5.
- Lokalhistorisk litteratur (ulike tidsskrift som *Systrendingen*, *Kjelda*, artiklar, studentoppgåver, mv.)
- Registrering av kulturminne og kommunedelplan for kulturminne – Handbok for lokale registreringar. 2014. Riksantikvaren.
- Registreringar / suppleringar i samband med planarbeidet (registreringsgruppene)
- Riksantikvaren. Kulturminne i kommunen – Kulturminneplanar. 2014.
- Riksantikvaren «Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Planlegging etter plan- og bygningsloven. Veileder». 2016.
- Smidt Olsen, Inger. Henjasanden på Hermansverk: Strandsitjarane på Henjasanden. S. 108 i Årbok for Sogn, Nr 31 (1985).
- Skrede, M.A. 2002. Utmark og gard. Nærstudie av tufteområde i Friksdalen i Leikanger, Sogn og Fjordane. Upuplisert hovudfagsoppgåve i arkeologi ved Universitetet i Bergen.

- Stortingsmelding 16. (2005). Leve med kulturminner:  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/regpubl/stmeld/20042005/stmeld-nr-16-2004-2005-.html?id=406291>
- Stuvøy, Ingunn. 1992. Plan for vern av kulturminne i Leikanger kommune. Bygningsvern. Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkeskultursjefen, 1992.
- Svartefoss, Einar. 1994. 5 årsnatta. Leikanger i krigsåra 1940-45. Systrand Sogelag, 1994.
- Topografisk arkiv; Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bergen Museum.
- Wølneberg, Siri. 1996. Friskt vann i gamle veiter. Kandidatoppgåve ved HSF.
- Ådneland E., Austad I., Indrelid S. 2000. Det vestnorske kulturlandskapet. Rapport frå seminar i Sogndal 11.-12. oktober 1999. Bergen Museums skrifter nr. 6. Bergen Museum, Universitetet i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

## Kjelder og ressursar på nett

- [Kulturminnesok.no, Riksantikvaren si publikumsteneste for kulturminne og kulturmiljø.](#)
- [Webarkiv for stadnamn, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane](#)
- [Webarkiv for foto, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane](#)
- [Kulturhistorisk leksikon, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane](#)
- [Fylkesatlas.no, kart med informasjonslag. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane/Sogn og Fjordane fylkeskommune](#)
- [Systrending – lokalhistoriske artiklar. Systrand sogelag, oversikt på Fjognedok, Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane.](#)
- Arkeologisk gjenstandsbase: <http://www.unimus.no/arkeologi/forskning/sok.php>
- Bergen Museum. Arkeologiske tilvekstar. [www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)
- Universitetsmuseenes nettportal: <http://www.unimus.no/>
- Nasjonal kulturminnedatabase Askeladden (passordtilgang). Riksantikvaren. [www.askeladden.ra.no](http://www.askeladden.ra.no)
- SEFRÅK-registeret: Bygningar oppført før ca. 1900 og andre kulturminne. Landsdekkande (passordtilgang).
- Systrand sogelag: [www.systrand sogelag.no](http://www.systrand sogelag.no)
- [https://www.flickr.com/photos/kulturminne\\_leikanger/](https://www.flickr.com/photos/kulturminne_leikanger/)

## Informantar

- Per Holen
- Olav Eitungjerde
- Jon Erling Oppedal
- Ole Erik Grinde
- Eirik Hamre
- Hans Hamre
- Jon Olav Husabø
- Ola A. Vestrheim
- Sjur Huke
- Malen Røysum
- Johannes Henjum
- Erling Holen

## Registrantar og tekstbidrag i kulturminneplanarbeidet:

Per Sigve Selseng, Kjell Erik Strand, Bodil Strand, Marit Velle, Steinar Velle, Per Olav Bøyum, Eirik Hamre, Sigrun Espe, Kjell Arne Valvik, Marit Anita Skrede, Per Holen, Knut Henning Grepstad, Hermund Kleppa, Hallvard Trohaug, Jon Henjum, Siri Johanne Henjum.

## VEDLEGG

---

- Vedlegg 1: Sentrale omgrep i kulturminnevernet
- Vedlegg 2: Lister omsynssoner
- Vedlegg 3: Lister frå nasjonal kulturminnebase; Askeladden
- Vedlegg 4: Lister SEFRAK

### **Vedlegg 1: Sentrale omgrep i kulturminnevernet**

#### **Kulturminne**

Med kulturminne meinast alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjon til (definisjon: kulturminnelova § 2).

#### **Kulturmiljø**

Med kulturmiljø meinast område der kulturminne inngår som del av ei større heilskap eller samanheng (definisjon: kulturminneloven § 2).

#### **Verneverdig/Bevaringsverdig**

At noko er verneverdig betyr at det er verd å verne/verd å ta vare på fordi det har kulturhistorisk, arkitektonisk eller ein annan type verdi. At noko er verneverdig betyr likevel ikkje at det har ein juridisk vernestatus.

#### **Verna**

Når eit kulturminne er verna, har det ein formell, juridisk vernestatus og kan ikkje utan vidare rivast eller endrast. Eit verna kulturminne kan anten vere regulert til spesialområde vern/omsynssone i ein kommunal reguleringsplan eller freda etter kulturminnelova. Nokon brukar vern/verna berre om det reguleringsmessige vernet og ikkje om fredinga, men "verna" er eigentleg eit samleomgrep.

#### **Freda**

Orda freda og verna blir ofte brukt om kvarandre, men freda vert som oftast brukt om - kulturminne som er freda etter kulturminnevernets eiga særlov, kulturminnelova. Ordet vert brukt slik i denne planen. Kulturminne kan vere automatisk freda i kraft av sin alder ("fornminner" frå før 1537, ståande bygningar frå før 1650 samt skipsfunn og samiske kulturminner som er eldre enn 1917).

Yngre kulturminne kan vedtaksfredast av Riksantikvaren. Dette krev ein høringsprosess og eit vedtak. Dersom eit kulturminne av regional og/eller nasjonal verdi er trua, kan Riksantikvaren eller fylkeskommunen gå til mellombels freding medan fredingssaka vert utarbeidd.

#### **Fornminne**

